

Tusen takk til ...

...professor Brit Mæhlum, som har inspirert meg til å velje sosiolingvistikkk som fagfelt, og som har rettleia meg gjennom denne studien. Spesielt ein stor takk for rettleiing dei siste tre månadane, til tross for at eg var lokalisert i Volda.

...informantane mine for at de har gjeve så mykje av dykk sjølve, og for at de alltid har vore tilgjengelige for ytterlege spørsmål.

...systrene mine Sarah Brobakke og Rebekka Brobakke, som har hjulpet meg med korrektur og støtte gjennom skriveprosessen.

...kjærasten min Lars Ørjan Kråkenes, som har hjulpet meg med korrektur og støtte gjennom skriveprosessen. Di støtte mot slutten av skriveprosessen var gull verdt.

..."lektorgjengen" min i Trondheim, for faglege samtalar og ei fantastisk studietid.

...Remi Rekdal, som har bidrege som "fasit" på bergensmålet.

Volda, 10.05.17

Frida Brobakke

DEL I: INTRODUKSJON	1
1. Innleiing	1
1.1 Motivasjon	2
1.2 Problemstilling	3
2. Vågsøy - kystkommunen i vest	5
2.1 Geografi, historikk og demografi	5
2.2 Vågsøymålet	7
3. Tidlegare forskning	11
3.1 Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo	11
3.2 Når bygdemål møter bymål	12
3.3 Språk og urbanisering	13
3.4 Tidlegare forskning og mi forskning	14
4. Metode	15
4.1 Val av metode	15
4.2 Val av informantar	17
4.3 Datainnsamling og feltarbeid	18
4.4 Framstilling av språket til informantane	20
DEL II: ANALYSE	23
5. Språkbrukaren - ei analyse av språket	25
5.1 Ein kort presentasjon av informantane	25
5.2 Om informantportretta	29
5.3 Eva	29
5.4 Erik	32
5.5 Erling	35
6. Språkbrukaren - ein diskusjon om forklaringsfaktorar	39
6.1 Språk og identitet	39
6.2 Samanfatning og samanlikning	49
Litteratur	53
Vedlegg	55
1: Kart over Måløy si plassering i forhold til Bergen	55
2: Intervjuguide	57
3: Samtykkeskjema	59
Samandrag	61
Oppgåvas relevans for lektoryrket	63

DEL I: Introduksjon

1. Innleiing

Sånn sett e de fordel å ha ei dialekt som ikkje so monge snakka. Får då assosiera folk dialektn din me deg. Åå dee syns eg e fint.

Eva - om vågsøydialekta

Formålet med denne oppgåva er å sjå nærmare på språk og språkleg åtferd blant unge utflyttarar frå Vågsøy. I denne gruppa er det mange som buset seg i Bergen, i hovudsak for å studere. Oppgåva handlar om utflyttarar frå Vågsøy kommune i Sogn og Fjordane til Bergen i Hordaland. Eg har sett på det konkrete språket til utflyttarane, i tillegg til at eg har sett på kva haldningar og oppfatningar dei har av si eiga dialekt. Interesse mi har dermed også vore å finne ut noko om kva som ligg bak den språklege åtferda hos dei ulike informantane.

Det empiriske materialet i denne studien er basert på fleire intervju med utflyttarar frå Vågsøy. Av desse har eg valt ut tre informantar som eg har brukt i oppgåva. Desse vart valde på grunnlag av sine ulikskapar. Eg fann informantar som hadde ulike språkstrategiar, for å sjå på motivasjonen bak dei ulike språklege åtferdene ved flytting frå bygd til nærmaste storby. Dei metodiske vala mine vil eg grunngje nærare i eit eige metodekapittel, der eg òg vil drøfte utfordringar knytt til feltarbeid og datainnsamling.

Denne første delen av oppgåva, introduksjonen, inneheld fire kapittel. Det første er innleiinga, og her vil eg vidare seie noko om motivasjonen min bak val av studieobjekt etterfølgt av ein kort presentasjon av problemstilling. Kapittel 2 handlar om Vågsøy kommune og om vågsøymålet, og kapittel 3 gir ei kort skisse av tidlegare forskning. Til slutt gjer kapittel 4 greie for dei ulike metodiske vala eg har gjort gjennom denne studien.

Den andre delen av oppgåva, analysen, inneheld to kapittel. I det første, i kapittel 5, analyserer eg språket til utflyttarane ved å legge fram språkleg empiri frå datainnsamlinga. I det andre, i kapittel 6, svarer eg på kva som kan vere forklaringar på den språklege åtferda. I tillegg, heilt til slutt, vil eg kort samanfatte det eg er komen fram til. Eg har valt å ikkje legge fram teorigrunnet mitt i eit eige kapittel. I staden har eg tvinna inn teori undervegs i

analysedelen, noko eg følte vart meir naturleg for denne oppgåva. På denne måten minimerar eg risikoen for at teorien som blir framlagt ikkje heng saman med drøftingane i analysedelen. I tillegg slepp eg eventuelle gjentakingar av den framlagte teorien.

1.1 Motivasjon

Noko av det som har motivert mitt val av studieobjekt, er heilt klart eigeninteresse. Eg kjem sjølv frå Vågsøy kommune, noko som gjer at eg har tileigna meg kunnskap om dialekta og området. Der har eg budd heile livet, inntil eg for fem år sidan flytta til Trondheim for å ta lektorutdanning i nordisk. Her møtte eg på eit emne der eg blant anna fekk innføring i det norske dialektlandskapet. Dette, i tillegg til at eg alltid har hatt ei interesse for dialekter, gjorde at eg vidare valde å ta sosiolingvistiske emne. I desse emna fekk eg innsikt i blant anna språkendring og maktspråk, noko eg fann særst interessant. Dette har deretter ført til at eg tok språkretinga innanfor nordisk, og spesialiserte meg innanfor sosiolingvistik.

Prosjektet mitt starta med at eg ville sjå på to utflyttarar frå Vågsøy til Bergen som i ulik grad hadde latt seg påverke av talemålet i byen. Då eg fekk problem med å finne ein informant som i stor grad hadde lagt om, bestemte eg meg for å trekke inn oslomålet i tillegg. Eg tenkte at det kanskje ikkje var vanleg for utflyttarane å legge om språket sitt når dei flytta til Bergen, ettersom eg hadde vanskar med å finne informantar. I tillegg var eg klar over at det var svært mange unge vågsøyværingar som flytta til Bergen, noko som kanskje kunne føre til at dei i stor grad omgjekk kvarandre, og i lita grad let seg påverke av talemålet i Bergen. Dermed bestemte eg meg altså for å i tillegg trekke inn utflyttarar til Oslo og gjere ei slags samanlikning, då eg visste om fleire unge vågsøyværingar som i stor grad hadde endra på dialekta si etter at dei flytta dit. Men òg her fekk eg problem. Eg fekk kontakt med to aktuelle informantar som i stor grad hadde endra talemålet sitt etter flyttinga, men begge valde etter ei stund å trekke seg frå studien. Eg vart dermed tvunga til å legge dette frå meg. Heldigvis fekk eg etter kvart kontakt med ein utflyttar frå Vågsøy til Bergen som i stor grad hadde lagt om. Dette gjorde at eg til slutt delvis gjekk tilbake til den opphavlege problemstillinga mi.

I Vågsøy kan det verke som det er blitt ein ”tradisjon” at mange unge flyttar til Bergen, i hovudsak for å ta høgare utdanning. Denne tendensen gjorde meg nysgjerrig på korleis språkbruken til desse utflyttarane var. Eg tenkte, som sagt, at dette kanskje kunne føre til at vågsøyværingane i svært lita grad ville kome til å legge om på språket sitt. Kven ein omgåast med når ein er i byen ville vere ein relevant faktor, og eg vart interessert i å sjå på om det faktisk var ein samanheng her. At det i tillegg ofte er slik at utflyttarane berre blir buande i

byen i nokre få år, under studia, gjorde meg òg nysgjerrig, då dette moglegvis kunne påverke språkbruken deira.

Andre motivasjonsfaktorar bak val av studieobjekt var at det i lita grad fanst tidlegare sociolingvistisk forskning på språket i Vågsøy. Eg leita etter publiserte bøker og artiklar, men med lite resultat. Fleire innbyggjarar i Vågsøy har snakka om at det har vore språkforskarar på besøk i den eine bygda i kommunen for nokre tiår tilbake i tid, men av dette kunne eg heller ikkje finne noko publisert. I tillegg fann eg svært få sociolingvistiske studiar som omhandla flytting til Bergen som nærmaste storby, noko som skapte motivasjon for å velje denne byen framfor til dømes Oslo. Oslo er ein by som i større grad har vore forska på når det kjem til flytting frå bygd til by (sjå t.d. Mæhlum 1986 og Røyneland 1994). Difor ønskte eg å prøve noko ”nytt” ved å sjå på Bergen og bergensmålet som forklaringsfaktor i staden for Oslo og oslomålet, som av mange blir oppfatta som eit prestisjefullt mål eller også eit standardtalemål.

1.2 Problemstilling

I denne oppgåva har eg sett på språkbruken til tre informantar som har flytta frå Vågsøy til Bergen. Eg har hatt fokus både på språket deira og på haldningane og oppfatningane dei har til vågsøydialekta. Dette gir eit språkfokus på oppgåva, i tillegg til eit fokus på å gi ei forklaring på språkbruken. Eg har analysert språket deira ved å plukke ut seks språktrekk som er karakteristiske for vågsøydialekta, og deretter sett på kva for forklaring ein kan gi på dei ulikskapane som informantane viser. Forklaringsfaktorane på den språklege åtferda vil eg få fram ved drøfting av datamaterialet saman med teori. Oppgåva handlar altså om geografisk mobile personar - personar som har flytta frå ein stad til ein annan. Problemstillinga mi er:

Kva karakteriserer talemålet til dei unge utflyttarane frå Vågsøy, og kva for individuell motivasjon ligg bak den språklege åtferda?

For å kunne sette dette inn i ein relevant sosial og kulturell samanheng, og slik kunne tolke resultatata, er det nødvendig å ha ein viss kjennskap til Vågsøy kommune. Difor vil eg no presentere eit kapittel om Vågsøy, der eg både vil gi eit innblikk i kommunen og talemålet der.

2. Vågsøy - kystkommunen i vest

*De brente våre gårder,
De drepte våre menn.
La våre hjerter hamre
det om og om igjen*

Frå *Aust-Vågsøy* av Inger Hagerup

Føremålet med dette kapittelet er å presentere Vågsøy geografisk, historisk og demografisk. Det vil ikkje vere plass til å breie noko særleg ut om dette, men eg har forsøkt å skissere ei oversikt og å trekke inn det mest relevante. Dette vil eg gjere for å danne eit bakteppe for den analysen eg vil gjere av språkbrukarane seinare i oppgåva (kap. 5 og 6). Eg vil òg gjere ei kort utgreiing av somme målmerker som er typiske for vågsøymålet. Desse språktrekka utgjer ein stor del av det som seinare blir ei analyse av språket til utflyttarane (kap. 5). Eg vil ta opp dei ulike språktrekka og drøfte dei i lys av informantane si språklege realisering frå intervjua.

2.1 Geografi, historikk og demografi

Vågsøy kommune

ligg geografisk

plassert på

nordsida av

Nordfjorden i

Sogn og Fjordane

fylke. Kommunen

grensar til Selje i

nord, Vanylven

(Møre og

Romsdal) og Eid i


øst og Bremanger

i sør (over fjorden). Namnet har kommunen etter øya Vågsøy på 62 km² som er den nest

største i Nordfjord. Likevel ligg størsteparten av Vågsøy kommune på fastlandet, med

Maurstad som den austlegaste bygda. Andre øyar i kommunen er Husevågøy på 9 km²,

Gangsøya på 1,2 km² og Silda på 1,1 km². I Vågsøy ligg den einaste byen i Nordfjord, Måløy,



Figur 1. Kart over Vågsøy kommune

som også er den største tettstaden i Nordfjord. Over halvparten av innbyggjarane i kommunen er i dag busett i Måløy. Det totale arealet til Vågsøy er på 166km² med 6046 innbyggjarar (per 01.01.2016). Mellom øya Vågsøy og fastlandet finn vi Ulvesundet, og over her er den 1224 meter lange Måløybrua som knyter øya saman med fastlandet. Den nærmaste storbyen til Vågsøy er Bergen. Frå Måløy kjem ein seg lett til Bergen ved å ta ekspressbåten, ein tur som berre tek omtrent fire og ein halv time (sjå avstand Måløy-Bergen i vedlegg nr. 1).

Vågsøy kommune er ei relativt ny kommune. Vågsøy, saman med heile ytre Nordfjord, var etter opprettinga av kommunar i landet frå 1837 ein del av Selje kommune. Dette gjorde at Selje kommune i 1910 var den klart folkerikaste kommunen i Sogn og Fjordane. Men dette året vart kommunen delt i tre, og to nye kommunar vart til. Dette var Nord-Vågsøy med bygda Raudeberg som kommunesenter, og Sør-Vågsøy med byen Måløy som kommunesenter. Grunnen til at det vart utskilt to små kommunar, var at folket i fiske- og jordbruksbygdene i Nord-Vågsøy frykta at handelsstaden Måløy ville bli dominerande i ein kommune der heile Vågsøy var med. I tillegg hadde ein et problem med at det ikkje fanst nokon veg mellom Måløy og Raudeberg på den tida. Dagens Vågsøy kommune vart danna i 1965 som eit resultat av kommunereguleringa, og er den minste kommunen i Sogn og Fjordane når det gjeld areal (Tvinnereim, 2016: 224-225).

Når det kjem til skriftspråk, er det nynorsk som er det gjeldande hovudmålet i Vågsøy. Likevel er det nokre klasser ved Skram skule, barneskulen i Måløy, som nyttar bokmål som hovudmål. Dette medfører at ein på ungdomsskulen ofte får klassar som inneheldt elevar med både bokmål og nynorsk som hovudmål. Denne skriftspråksforskjellen kjem av den store strida om skulemålet i Måløy, som i 1919 vart sett i gong då doktoren Einar Strand føreslo overgang til nynorsk i skulane i Sør-Vågsøy. Motsetningane ein hadde i Vågsøy på denne tida, som førte til at det vart oppretta to små kommunar i 1910, spelte naturlegvis med i språkstrida. ”Byfolket” meinte at nynorsken var bondesamfunnet og bondekulturen sitt språk, medan bokmålet var knytt til bykulturen med overklassepreg. Det vart halde to skulemålavrøystingar. Nynorsken sigra i den første, men då dei boikotta den siste avrøystinga, vart det bokmålet som til sist vann fram (Tvinnereim, 2016: 241).

Sidan Vågsøy ligg så nært det opne havet, er det naturleg at fiskeri har vore ein viktig del av næringslivet i kommunen. Kommunen er den nest største fiskerikommunen i landet, og Måløy er ei av dei viktigaste fiskerihamnene i landet. Tre av dei ti største fiskeriselskapa i Noreg har kontor i Måløy. Næringslivet i området har frå gammalt av i hovudsak vore basert på fiskeindustri. Denne industrien har auka dei siste hundre åra, ettersom kommunen har

hausta større gevinstar av å nettopp vere lokalisert ved havet med nære fiskeplassar. At Måløy og området rundt vart knutepunkt for sterkt veksende trafikk gjorde òg sitt til at fiskeindustrien auka. (Tvinnereim, 2016: 224).

Sjølv om næringslivet i kommunen framleis i stor grad er prega av fiskeindustri, er det ikkje dette som sysselset dei fleste i Vågsøy i dag. Jordbruk, skogbruk og fiske sysselset under 200 personar, mens sekundærnæringar sysselset nesten 800. Det som likevel sysselset dei fleste i kommunen, er arbeid innanfor varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finanstenestar, forretningsmessige tenestar og eigendom. Her er det over 1000 innbyggjarar som er tilsett (Statistisk Sentralbyrå, 2016). Næringslivet i Vågsøy er altså ikkje i like stor grad prega av fiskerinæringa i dag. I perioden frå 2011 til 2014 har det vore nedgang i andelen industriarbeidsplassar, og talet på både bønder og fiskarar har gått ned (Vågsøy kommune, 2016). Likevel kan ein klart sjå, når ein kjem til Måløy, at byen fortsatt er prega av fiskeindustri på grunn av dei mange fiskeindustribedriftene som er plassert der.

I Vågsøy kommune finn vi i dag fleire turistattraksjonar. Vågsberget, den eldste og best bevarte handelsstaden på Vestlandet, finn ein til dømes her. I 1636 kom handelsmannen Diderich B. Fester frå Bergen til Vågsøy for å opne handelsverksemd. Eigedomen har òg blitt brukt til innspeling av Hamsun-filmar. I dag er dei sju bygningane som ligg der freda. Elles er Vågsøy kjend for dei fire gamle fyrstasjonane Kråkenes, Skongenes, Hendanes og Ulvesund. Desse fyra er no for lengst automatiserte, og tre av dei har i dag turistretta drift. I Vågsøy finn vi òg Kannesteinen, som er ein av dei største turistattraksjonane i Nordfjord (Tvinnereim, 2016: 260).

2.2 Vågsøymålet

I dette delkapittelet vil eg først greie ut om det dialektområdet Vågsøy ligg i, og i den samanheng prøve å plassere dialekta i det vestnorske dialektlandskapet. Deretter vil eg gjere greie for eit utval av særtrekk ved vågsøydialekta. Dette er språktrekk eg seinare vil nytte meg av når eg i analysedelen vil gjere ei analyse av språket til informantane. Med tanke på dette har eg prøvd å velje ut dei språktrekka som i størst grad viste seg å bli brukt ulikt av dei tre informantane.

Talemålet i Vågsøy er ein del av det vestnorske dialektområdet, som inkluderer det meste av Møre og Romsdal fylke i tillegg til dei fire fylka Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest- og Aust-Agder og sørlege bygder i Telemark (sjå t.d. Mæhlum & Røyneland, 2012). Vidare delar ein vestnorsk inn i nordvestlandsk, sørvestlandsk og sørlandsk. Vågsøy

plasserast under det nordvestlandske området, ettersom dette omfattar nesten heile Sogn og Fjordane (med unntak av Indre Sogn). Det som er karakteristisk for dette dialektområdet, er at ein har nordleg *e-mål*, noko som vil seie at både infinitivar og svake hokjønnsord endar på *-e*.

Eg har no plassert dialekta i Vågsøy under vestnorsk og nordvestlandsk. Vidare kan ein dele nordvestlandsk inn i tre hovudområde: Romsdalen, Sunnmøre og Fjordane (inkludert Ytre Sogn). Her er Vågsøy plassert under Fjordane. Dei særtrekka ein finn i dette området er i stor grad språktrekk ein finn i vågsøydialekta, men likevel er det i nokre tilfelle ulikskapar mellom dialekter også her. No vil eg presentere særtrekk som ein finn i vågsøydialekta. Dei språktrekka eg beskriv vil òg, etter mi ustruktureerte erfaring, vere språktrekk som normalt blir brukt av *unge vågsøyværingar*.

Bortfall av utlyds-r

Eit trekk ved vågsøydialekta er bortfall av utlyds-*r* i substantiv i ubestemt form fleirtal. For eksempel vil ein seie ”*gutt-a*” og ”*jennt-e*” i staden for ”*guttar*” og ”*jenter*”. Det er mange dialekter i Noreg som har dette språktrekket i dag. Det er berre Austlandet med det meste av Aust-Agder og Telemark med eit belte vestover til Ryfylke og sørlegaste Sunnhordaland, som har halde på utlyds-*r* i fleirtal. I tillegg kjem byane Bergen og Stavanger. Resten av landet har dermed bortfall av *-r*-en i alle substantiv, bortsett frå eit par spesielle typar substantiv (Papazian & Helleland, 2005: 57). I tillegg har vågsøydialekta bortfall av utlyds-*r* i presens av svake verb. Dette fører til at ein får endinga *-e* eller *-a*. Til dømes vil ein seie ”*spela*”, ”*leika*” og ”*reise*” i staden for ”*spelar*”, ”*leikar*” og ”*reiser*”.

Uttale av begge konsonantane i sambanda nd, ld og ng

Ord som inneheld konsonantane *nd*, *ld* og *ng*, blir av vågsøyværingane uttalt slik som det er skrive. Det vil seie at begge konsonantane blir uttalt utan assimilasjon. Til dømes vil ein seie ”*land*” (n.), ”*kveld*” (m) og ”*ting*” (m.). I mange dialekter har desse konsonantane blitt assimilerte, noko som gjer at dette er eit spesielt kjennemerke for dialekta i Vågsøy og for dialektene i områda rundt.

Nektingsadverbial

Når det gjeld nektingsadverbialet, er det varianten ”*ikkje*” (eller ”*iççe*” med lydskriftteikn), som nyttast i vågsøydialekta. Her ser vi også at det er vanleg med enklise, altså at verb og nektingsadverb ”smeltar” saman. Dette kan vi til dømes sjå ved at ein seier ”*hakje*” (har

ikkje), ”vækkje” (veit ikkje) og ”sekje” (ser ikkje). Dette er typisk i dei fleste samanhengar, med mindre ein tek ei lengre pause mellom orda. Då kan det i nokre tilfelle komme ut som til dømes ”har...ikkje”.

Pronomenformer

I Vågsøy brukast 1. personpronomenet i eintal subjektsforma *e:(g)*. Dette er ein av dei vanlegaste formene elles i landet, saman med *æg* (Papazian & Helleland, 2005:63). I vågsøydialekta er det vanleg at ein uttalar *eg*, men av eiga erfaring er det dei siste åra blitt meir og meir vanleg å berre uttale *e*. I tillegg har eg erfart at det i størst grad er hos unge språkbrukarar at ein ser denne utviklinga. Likevel er det framleis mest vanleg å uttale *eg*, men ei veksling mellom desse to er også svært vanleg. Å berre nytte seg av uttala *e* i alle tilfelle, er heller høgst uvanleg.

3. personspronomenet i fleirtal som nyttast i Vågsøy er *dæi*. Denne forma nyttast etter mi erfaring både av unge og eldre språkbrukarar, og er eit språktrekk i vågsøydialekta som ser ut til å halde seg godt. Når det gjeld 3. personspronomenet i fleirtal, er det vanleg å skilje mellom ein vestnorsk og ein austnorsk type. Den vestnorske forma er *dæi* eller *di*, mens den austnorske forma har ein *m* til slutt, noko som gjer at ein brukar *demm*, *dæmm*, *dømm*, *domm* og liknande (ibid.).

Bøying av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal

I vågsøymålet har ein i bestemt form eintal av substantiv i hokjønn endinga *-a*. Dette vil seie at ein til dømes vil seie ”*jenta*”, ”*dama*” og ”*kantina*” i staden for til dømes ”*jenten*”, ”*damen*” og ”*kantinen*”. Dei sistnemnde orda, med *-en*-ending, er typiske i bergensk, som er det einaste talemålet i Noreg med berre to grammatiske kjønn; hankjønn og inkjekjønn (Mæhlum & Røyneland, 2012:99). Andre dialekter kan til dømes ha endinga *-å(o)*, eller *-a* i sterke og *-å* i svake (Papazian & Helleland, 2005: 56-57). Det er altså fleire dialekter som har ulik ending i sterke og svake substantiv, men i vågsøydialekta nyttar ein *-a*-endinga uavhengig om substantivet er sterkt eller svakt.

3. Tidlegare forskning

I dette kapittelet vil eg skissere ei oversikt over tidlegare forskning innanfor det sociolingvistiske feltet som kan knytast til oppgåva. Det som er mest relevant å skissere i mitt tilfelle, er forskning som går på flytting frå bygd til by. Her finn ein fleire studiar som kan nemnast og som delvis kan ha overføringsverdi til mitt forskingsarbeid. I denne samanheng vil eg omtale tre av dei. Til slutt i dette kapittelet vil eg gjere ei kort samanlikning av desse tre studiane med min eigen.

3.1 Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo

Brit Mæhlum sin studie (1986) *Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo* beskriv fire innflyttarar frå Nordre Land i det sentrale Austlandsområdet. Gjennom studien får ho fram situasjonsavhengige forskjellar i talemålet hos dei enkelte informantane ved å gjere greie for korleis to kvinner og to menn oppfører seg språkleg i to ulike samtalsituasjonar. Ho hadde to samtalar med kvar av informantane, der ho brukte seg sjølv og ei anna kvinne til å intervjuje eller samtale. I den eine situasjonen brukte ho seg sjølv, der ho snakka dialekta som innflyttarane kjente frå heimstaden sin. I den andre situasjonen var det ei anna kvinne som leia samtala. Ho snakka oslomål, eit mål som gjerne blir oppfatta som eit prestisjefullt mål, eller også eit standardmål. Dette vart gjort for å undersøke om innflyttarane formulerte seg ulikt i dei ulike situasjonane.

Variasjonsmønsteret i studien viser seg å i stor grad ikkje vere eintydig. Ho kjem fram til at

”det er et ganske annet og adskillig mer komplisert variasjonsmønster som kommer til uttrykk innenfor dette materialet; den enkelte taler ser ikke ut til å foreta noen konsekvent og kategorisk funksjonell differensiering mellom dialektale og standardiserte former.”

(Mæhlum, 1986: 169)

Det var store individuelle forskjellar i kor stor grad dei fire informantane modifiserte dialekta i begge situasjonane. Likevel fann Mæhlum at visse språktrekk hos ein av personane hadde ei skarp differensiering av variantane i dei to situasjonane. Dette antok ho at hadde ein spesielt markerande funksjon i forhold til opposisjonen mellom dialekt og standard. Ho fann òg at alle informantane i høgare grad nytta den dialektale varianten i samtale med ho sjølv enn med den andre intervjuaren. I siste del av studien forsøker ho å forklare språklege variasjonsmønstre frå ulike modellar som kan skape forståing for den identitetsskapande funksjonen til språket.

Her omtalar ho den sosiale nettverksteorien, akkomodasjonsteorien (også kalla tilpassingsteorien) og distinksjonen status/solidaritet.

3.2 Når bygdemål møter bymål

Unn Røyneland si hovudoppgåve (1994) *Når bygdemål møter bymål* omtalar fire sunnmøringar frå Ulsteinvik som flyttar til Oslo, og har fokus på å finne ut kva som skjer med språket til folk frå bygda når dei flyttar til byen. Dei viktigaste problemstillingane i studien er å finne ut korleis ein kan karakterisere den språklege variasjonen til informantane, kva for individuell motivasjon som ligg bak og kva for forklaringar ein kan gi på den språklege variasjonen.

For å få innsikt i språket til informantane har ho, i likskap med Mæhlum, hatt to samtalesituasjonar. Informantane hennar har dermed hatt ei samtale med Røyneland, som sjølv snakkar ei dialekt frå Ulstein, og ei med ein person med oslomål. I analysedelen har ho gjort ei kvantitativ analyse av språket der ho har operert med modifieringsfrekvens og variasjonsfrekvens.

Røyneland kjem fram til at det er store individuelle ulikskapar mellom informantane, både når det kjem til variasjonsfrekvens og modifieringsfrekvens. Ein av informantane, Josefine, nyttar flest osloformer samstundes som ho er den som byter ut flest ulsteinformer til fordel for osloformer ved skifte av situasjon. Dermed har Josefine høgast modifieringsfrekvens og variasjonsfrekvens. Altså er ho den av dei fire informantane som både har lagt mest om på talemålet sitt og som varierer mest. Jenny, ein annan informant, har lågast modifieringsfrekvens i begge testsituasjonane, og er den som har halde best på ulsteindialekta. Dei to siste informantane, Johan og Jens, ligg omtrent likt både når det gjeld variasjonsfrekvens og modifieringsfrekvens.

For å finne ei forklaring på den språklege variasjonen har ho tatt utgangspunkt i den sosiale nettverksteorien, tilpassingsteorien og høflegheitsteorien. I samheng med den sosiale nettverksteorien er alle informantane hennar inne på at kontakt med folk heimafrå er viktig for å halde på dialekta. Josefine nemner mangelen på eit tett sunnmørsk nettverk som ei forklaring på kvifor ho har endra på språket sitt. Jenny, på den andre sida, nemner det tette sunnmørske nettverket sitt som ei forklaring på at ho held på dialekta.

Når det kjem til tilpassingsteorien ser det ut til at alle informantane er medvitne om at dei endrar språket sitt etter kven dei snakkar med. Som ei forklaring på Josefine sin språkbruk skriv Røyneland at ho snakkar oslomål fordi det gir meir ”status”. Når det gjeld dei andre tre,

meiner ho at det heller er eit spørsmål om å vere ”solidarisk”, men samstundes gjere seg forstått.

Ved den siste teorien Røyneland nyttar seg av, høflegheitsteorien, skriv ho at Jens sin modifisering av dialekta for å gjennomføre ein vellukka kommunikasjon, kan tolkast som ein positiv høflegheitsstrategi. I denne teorien handlar det om å finne den minst trugande løysinga for alle partane i ein gitt kommunikasjonssituasjon. Jens tar omsyn til ønska og behova til samtalepartnaren, samstundes som han tek vare på sine egne ved å nytte dialekt. Jenny fortel at ho legg om på dialekta si når ho er på arbeid, då det lettar kommunikasjonen. Ho ønsker å gjere seg lettare forstått og å sleppe å gjenta seg sjølv.

3.3 Språk og urbanisering

Vegard Iversen si hovudoppgåve (1995) *Språk og urbanisering* handlar om fire verdalingar sitt møte med høvesvis trondheims- og oslomål. Han ser på to verdalingar som flyttar til Trondheim, som er den nærmaste storbyen, og to verdalingar som flyttar til Oslo. I denne samanheng har han som mål å samanlikne dei to flytteprosessane. Han studerer den språklege tilpassinga til informantane, og intervjuar alle to gongar. I likskap med både Mæhlum og Røyneland har han éin situasjon der informantane blir intervjua av han sjølv, som er frå Verdal, og éin situasjon der dei blir intervjua av ein som snakkar eit bymål frå den byen dei no bur i.

I oppgåva presenterer han tre problemstillingar som er spesielt sentrale for studien. For det første vil han finne ut korleis ein kan karakterisere den språklege modifiseringa i begge testsituasjonane, og eventuelt den språklege variasjonen mellom testsituasjonane. For det andre vil han sjå på om det er nokon vesensforskjell mellom dei språklege strategiane for trondheims- og osloinformantane, og i så fall på kva forklaringar ein kan gi på dette. For det tredje vil han finne ut noko om kva for individuell motivasjon som ligg bak modifiseringa eller den manglande modifiseringa, og kva forklaringar ein kan gi på den individuelle situasjonsbestemte språklege variasjonen. Den første og den siste problemstillinga er omtrent identisk med Røyneland sine to problemstillingar i hennar hovudoppgåve (1994).

Iversen kjem fram til at det er store forskjellar mellom informantane, både når det kjem til variasjonsfrekvens og modifiseringsfrekvens. Osloinformantane modifiserer meir i begge samtalesituasjonane enn trondheimsinformantane. Hos osloinformantane modifiserer den eine meir i samtale med Iversen, som snakkar verdalsdialekt, mens den andre modifiserer meir i samtale med personen som snakkar oslomål. Hos trondheimsinformantane modifiserer

begge meir i samtale med personen som snakkar trondheimsmål enn med Iversen sjølv. Han finn òg at ein av trondheimsinformantane skil seg frå dei andre tre ved at ho har ein høgare variasjonsfrekvens. Denne informanten tilpassar seg altså i større grad i dei to testsituasjonane. Til dette skriv Iversen at ”det ser ut som om trondheimstrekkene ikke er automatisert i talemålet hennes enda, slik at hun varierer mye mer enn de andre mellom testsituasjonene” (1995: 132). Denne informanten skil seg altså frå dei andre ved at språkstrategiane er så knytt til situasjonen.

På siste del av problemstillinga si har han sett på ulike aspekt ved både den sosiale nettverksteorien og akkomodasjonsteorien (eller tilpassingsteorien) for å avdekke ein del sider ved desse forholda. Han nemner her talemålet til ektefellene deira som ein viktig faktor. Begge osloinformantane har ektefeller, der ein av dei har ein ektefelle som snakkar osломål og den andre ein ektefelle som snakkar trøndersk. Han ser altså ein samanheng mellom at den informanten som har ektefelle med austkantdialekt i størst grad modifierer språket sitt. Når det kjem til trondheimsinformantane, nemner han haldningar til det å bruke verdalsdialekta i byen som ein mogleg motivasjon. Den eine trondheimsinformanten meiner at dialekta er fin og har eit ønske om å halde på den, og den andre meiner at det er naturleg å til ei viss grad forandre dialekta. Dette viser seg igjen i den grad dei har lagt om på språket sitt i dei to testsituasjonane. Avslutningsvis nemner han også at han meiner det er ein forbindelse mellom kor lenge kvar enkelt informant har budd utanfor Verdal, då han ser ein klar samanheng ved at den informanten som i kortast tid har budd utanfor kommunen, har modifierert verdalsdialekta si minst.

3.4 Tidlegare forskning og mi forskning

Den største likskapen mellom desse tre studiane og min eigen, er at dei forskar på flytting frå bygd til by. Røyneland sin studie er lik min i den forstand at den gjeld vestlendingar som flyttar på seg. Iversen sin studie liknar min ved at nokre av informantane hans også flyttar til eit regionsenter. Det som derimot skil min studie frå alle desse tre, er at eg ikkje har hatt to opptakssituasjonar. I tillegg har eg ikkje kvantifisert språkfunna til informantane, noko som gjer at metodebruken min er meir kvalitativ. Studien til Mæhlum skil seg frå min ved at ho konsekvent nyttar informantar med ulike kjønn. Ho har fire informantar, der to av dei er kvinner og to er menn. I min studie har ikkje kjønn hatt noko å seie. Iversen sin studie skil seg frå min ved at den har informantar som har flytta til *to* ulike byar. Vidare i neste kapittel vil eg gå inn på metodebruken i studien min, før eg deretter startar på del II og analysen.

4. Metode

Metodebruk innanfor sosiolingvistikken har vore mykje diskutert (sjå til dømes Mæhlum 1992). Med tanke på omfanget på oppgåva mi, vil eg ikkje ta opp denne drøftinga her. I dette kapittelet vil eg heller ha fokus på å gjere greie for dei ulike metodologiske vala eg har gjort gjennom denne studien. Her vil eg både ta for meg sjølve feltarbeidet, datainnsamlinga og behandlinga av materialet. I lys av dette vil eg til slutt gjere greie for ulike utfordringar eg har møtt underveis i prosessen.

4.1 Val av metode

Når ein skal utføre eit forskingsprosjekt, er val av metode svært viktig. Val av metode har stor innverknad på resultatane ein kjem fram til. I forskning er det vanleg å skilje mellom kvalitativ og kvantitativ forskingsmetode. Det er mykje ein kan seie om forskjellane mellom desse to, men dette vil eg ikkje gå i djupna på her. Heller vil eg kort og konsist klargjere dei største ulikskapane. Forsking som nyttar kvalitativ metode brukar ofte få informantar, og forskar på det einskilde individet. Forsking som nyttar kvantitativ metode, brukar derimot ofte mange informantar. Her er målet å kvantifisere eller telje variablane i datamaterialet, og bruke informantane til å finne fram til eit generaliserbart resultat eller eit gjennomsnitt (sjå t.d. Kvale & Brinkmann, 2015).

I moderne sosiolingvistikk har det vore vanleg å kombinere kvalitativ og kvantitativ metode, noko som ofte kan gi meir utfyllande opplysingar enn om ein berre heldt seg til éin av metodane. I oppgåva mi valde eg å legge hovudvekt på kvalitativ metode, då eg synest dette var naturleg for mi problemstilling. Eg har ikkje hatt som mål å finne eit konkrete mål på kor mykje informantane varierer språket sitt, og difor har eg valt å ikkje kvantifisere datamaterialet. Å kvantifisere språket til informantane har ofte blitt gjort innanfor sosiolingvistiske studiar. Her reknar ein seg fram til ein prosent av kor mykje informantane modifierer. Det har òg vore vanleg, spesielt for studiar som omhandlar geografisk mobile personar, å ha to samtalsituasjonar. Her er det ofte ein intervjuar med ein dialektal varietet, og ein intervjuar med ein standardisert, eller meir prestisjefull, varietet (sjå til dømes Røyneland 1994). Dette gjer at ein i tillegg kan finne ein variasjonsfrekvens.

I min studie har eg, som sagt, ikkje kvantifisert språket til informantane på denne måten. Dette kjendes ikkje nødvendig for meg, då eg har hatt større fokus på å finne ut noko om den språklege åtferda deira. Difor nytta eg meg av ein meir kvalitativ framgangsmåte i

språkanalysen. Eg registrerte språktrekka til informantane ved å bruke kryss i ulik storleik og markertheit (for liknande metode, sjå Midtlien 2016). Dette var for å vise i kva grad språktrekka er brukt, noko som gjorde at eg òg fekk fram i kva grad dei er konsekvente i språkbruken. I den andre analysedelen, der eg forsøker å seie noko om den individuelle motivasjonen som ligg bak den språklege åtferda, nyttar eg meg berre av kvalitativ metode.

Når det kjem til innsamlingsarbeidet mitt, nytta eg òg ei typisk kvalitativ metode. Her brukte eg kvalitativt intervju, noko som gjorde at eg både fekk innsikt i språket og språkhaldingane til informantane. Eg tok opptak av intervjuet, noko som var nødvendig for å seinare kunne tilarbeide materialet. Eg hadde òg med meg ein intervjuguide, som delte intervjuet i to. I den første delen stilte eg biografiske spørsmål og spørsmål knytt til overgangen ved flyttinga, og i andre delen stilte eg spørsmål knytt til språk og språkhaldningar (sjå vedlegg nr. 2). På denne måten fekk eg ei god oversikt over informantane, før eg i den andre delen prøvde å finne ut noko om kva haldningar og oppfatningar dei hadde til si eiga dialekt.

Ved å bruke kvalitativt intervju fekk eg moglegheit til å kunne gå grundig inn på det informantane valde å fortelje i intervjuet. Eg følgde intervjuguiden, men om informantane kom inn på noko interessant som eg ikkje hadde skrive ned blant spørsmåla mine, hadde eg likevel moglegheit til å gå i djupna og finne ut meir om dette. Eg var dermed ikkje knytt til eit fast "manus". Dette ser eg på som svært viktig når ein skal utføre slike undersøkingar der ein vil finne ut av noko som gjeld spesielt for det enkelte individ. Dette førte til at eg fekk litt ulik informasjon i dei ulike intervjuet. I nokre intervju hadde eg moglegheit til å stille spørsmål vidare på eitt tema, mens eg under andre intervju heller kom meir i djupna på andre tema. Likevel har eg fått den informasjonen eg har sett på som nødvendig frå alle informantane ved å «sikre» meg med ein intervjuguide.

Sjølv om ein gjerne ønsker å komme heilt i djupna på dei enkelte informantane, vil det likevel langt på veg vere opp til informanten kva som kjem fram. Dette gjer at metoden til ei viss grad kan vise seg å vere avgrensa. Altrichter (1993: 100) skriv at intervju gir tilgang til menneska sine oppfatningar i tillegg til tankar, haldningar og meiningar som ligg bak oppførselen. Likevel er tilgangen avgrensa ettersom intervjuet berre gir eit innblikk i kva informanten synest - hans eller hennar tolkingar ved dette tidspunktet og under desse forholda av intervjuet. Til og med kan det vere slik at informantane i nokre tilfelle feilinformerer ved å holde tilbake informasjon sjølv om dei ønsker å fortelje «sanninga». Informantane kan ikkje vere klare over alle motiva for oppførselen sin, og dei er involvert i ein eigen prosess av

rekonstruksjon ved å svare på spørsmåla.

Eg bad òg informantane om å gjere eigenopptak. Dette gjekk ut på at dei skulle ta eit opptak på mellom 10 - 20 minutt der dei samtalar med ein person som snakkar bergensmål. Målet med dette var å få ei slags innsikt i om språket deira endra seg når dei snakka med andre enn meg. Ettersom eg sjølv snakkar vågsøydialekta, kunne dette mogeleg ha påverka informantane til i *større* grad å snakke vågsøydialekta under intervjuet enn dei gjer i mange andre samanhengar. Eit eigenopptak vil sjølv sagt ikkje kunne sikre noko, då informantane kanskje vil vere bevisste på språket sitt under eit slikt eigenopptak. I tillegg er det ei moglegheit for at informantane snakkar annleis med nære vennar enn med ukjente, og det er mogleg at dei tilpassar seg samtalepartnaren ved anten å konvergere eller divergere, noko eg vil komme tilbake til i analysedelen. Til tross for at eit eigenopptak ikkje kan sikre noko når det kjem til språkbruken til informantane, ville eg likevel prøve å få det til for å i det minste få ei betre innsikt i språket deira. Eg ønskte å få eit slags innblikk i språkbruken deira i ein annan samanheng enn i samtale med meg og i ein intervjusituasjon.

4.2 Val av informantar

Ettersom det ikkje finst høgskular eller universitet i nærleiken av Vågsøy, er ein nøydd til å flytte dersom ein ønsker å gå vidare på høgare studium. Den nærmaste høgskulen, høgskulen i Volda, ligg omtrent 1,5 - 2 timar ifrå Vågsøy. Om ein finn eit passende studie her, er dette ei moglegheit for vågsøyværingane. Likevel ser ein at dei aller fleste reiser til storbyar, og då som oftast den nærmaste storbyen Bergen. Difor var eitt av kriteria at informantane mine skulle ha flytta frå Vågsøy til Bergen. Det var òg viktig for meg at informantane i ulik grad hadde lagt om på dialekta si, altså at dei i ulik grad hadde modifisert språket sitt etter at dei flytta frå Vågsøy til Bergen. Dette gjorde at eg valde informantane på grunnlag av at eg allereie var klar over at dei hadde lagt om i den grada dei hadde. Eg fann difor ein informant som i lita grad hadde lagt om på dialekta, ein som i middels grad hadde lagt om, og ein som i stor grad hadde lagt om.

Vidare hadde eg fokus på å finne informantar som var unge utflyttarar, og som var omtrent like gamle. Informantane er mellom 20 - 26 år, og dei fleste flytta til byen i samband med studium. Dette gjer at dei kanskje ikkje er sikre på kor dei vil ende opp etter studia. Som student er det sjeldan at ein har «livet på stell» ved for eksempel å ha ein fast jobb eller eigen bustad. At informantane dermed ikkje var busett fast, og kanskje berre budde i byen under studia, var dermed noko eg tenkte at kunne ha moglegheit til å verke inn på språket deira, og

dermed også på studien min. Om informantane var klare over at dei berre skulle bu i byen ei kort periode, til dømes for å studere, ville dei gjerne blitt påverka annleis av språket enn om dei visste at dei skulle bli der lenger. Denne uvissheita er dermed noko som sannsynlegvis vil spele inn på språkbruken deira.

Kjønnet spelte ikkje nokon rolle for val av informantar. Om utflyttarane flytta på grunn av studium eller jobb, hadde i utgangspunktet heller ikkje noko å seie. Det viktigaste var at dei var *unge* utflyttarar, og at dei ikkje hadde budd i byen i meir enn fem år.

For å få tak i dei nødvendige informantane brukte eg mitt lokale nettverk i Vågsøy. Eg spurde vennar og kjende om tips til kven eg kunne kontakte, og deretter spurte eg dei første informantane om dei visste om fleire aktuelle personar. Eg utførte seks intervju til saman, og valde til slutt ut dei tre som var best eigna for oppgåva. I starten la eg også ut ei etterlysing på Facebook for å finne informantar, noko som vidare førte til at eg fekk fleire tips frå vennar og kjende. Mykje av arbeidet med å finne informantar gjekk dermed føre seg gjennom nettstaden Facebook. Då eg hadde fått tips om kven eg kunne kontakte, sendte eg ei melding til dei aktuelle personane og spurde om dei kunne tenke seg å vere med som informant i studien min. Dette fungerte svært bra, og eg oppfatta det som veldig greitt å komme i kontakt med informantane på denne måten. I tillegg gjorde dette at det vart mogeleg å halde kontakta gjennom heile studien, slik at både informantane og eg kunne stille spørsmål undervegs om noko skulle dukke opp.

I starten av innsamlingsarbeidet hadde eg òg som mål at informantane ikkje skulle komme frå byen, men berre frå bygdene utanfor. Dette var fordi at språket i Måløy har nokre trekk som skil seg frå hovudtrekka i resten av kommunen. Måløyværingane er litt ”finare” i talemålet sitt, og seier til dømes *grøt* og *gjøre* i staden for *graut* og *gjere*. Altså er dei i større grad prega av det som ofte blir betrakta som eit standardtalemål i Noreg. Likevel er språket i Måløy svært likt dei andre bygdene, og eg fann dermed ut at eg ikkje ville velje vekk informantar berre på grunnlag av dette. Dette hadde òg litt å gjere med at det var vanskeleg å få tak i informantar som i stor grad hadde lagt om på talemålet sitt. I tillegg meiner eg at eg har god nok innsikt i språket i kommunen min, noko som gjorde at eg ville klare å legge til merke om informantane la om til ei anna språkform eller om det berre var eit språktrekk frå Måløy.

4.3 Datainnsamling og feltarbeid

Prosessen med å samle inn data gjekk over ei viss periode. Eg hadde det første intervjuet i

august 2016, og det siste i januar 2017. Eg kontakta, som nemnt, informantane gjennom Facebook. Her avtalte vi ein stad og eit tidspunkt som passa for begge. To av intervjuva vart gjort i Vågsøy, mens det siste vart gjort som videosamtale på Skype. At det eine intervjuet ikkje vart gjennomført i Vågsøy, slik som dei to andre intervjuva, er sjølvstykke ikkje ideelt. Men då vi ikkje hadde moglegheit til å reise til Vågsøy samstundes, vart dette løysinga. Dette gjorde også at denne informanten opphaldt seg i Bergen under intervjuet. Intervjuva varte omtrent 40 - 60 minutt.

Eg samla inn data ved bruk av ein lydopptakar, Roland R-09HR frå Edirol. For å få bruke denne, og for å få gjennomføre prosjektet, søkte eg gjennom NSD (Norsk senter for forskningsdata). I tillegg hadde eg laga eit samtykkeskjema (sjå vedlegg nr. 3) som informantane måtte skrive under før vi starta intervjuva. Her stod alt dei trong å vite om prosjektet; bakgrunnen og formålet, kva det innebar å delta, kva som ville skje med informasjonen om dei, informasjon om frivillig deltaking og kontaktinformasjon. Informantane fekk også ein kopi av dette samtykkeskjemaet dersom dei ønskte det.

4.3.1 Utfordringar knytt til datainnsamlinga

Det er mange utfordringar knytt til datainnsamlinga i sosiolingvistisk forskning. Her vil eg nemne nokre av dei utfordringane eg møtte i mitt innsamlingsarbeid. Det første er at det er vanskeleg å vite i kva grad informantane snakkar sitt ”naturlege” talemål under intervjuet, eller om dei gjer nokre spesielle manøvrer på grunn av sjølvstykke opptakssituasjonen. Likevel er det svært få som berre har *eitt* einaste og heilt fast talemål. Dette gjorde at eg kunne basere meg berre på den språkbruken som kom fram under intervjuet med meg. Det var trass alt den ulikskapen i språkbruken mellom dei tre utvalde informantane i samtale med meg, som gjorde at dei vart valt ut. Deretter ville fokuset ligge på å finne ut noko om *kvifor* den språklege åtferda deira var så forskjellig.

Likevel hadde eg eit ønske om å finne ut noko om språket deira i samtale med bergensarar, då dette kunne seie meg noko om språkvariasjonen deira, altså korleis dei språklegg seg i samtale med ulike samtalepartnarar. Det kunne vere mogleg at informantane snakka annleis i samtale med andre personar med andre dialekter, slik dei ofte vil gjere i Bergen. For å finne ut noko om dette prøvde eg å få informantane til å gjere eigenopptak. Her skulle eg få ei slags innsikt i korleis informantane snakka i samtale med ein bergensar. Av ulike grunnar fekk ikkje informantane moglegheit til å sende meg eit slikt opptak, noko som gjorde at eg berre måtte kutte det vekk frå oppgåva. Likevel vil eg presisere at målet med

oppgåva ikkje var å finne ein ”fasit” på korleis informantane snakka. Difor ville ikkje eit slikt opptak kunne gitt meg noko meir enn ei tentativ innsikt i språket deira i samband med andre enn meg sjølv. I tillegg er det lite ein kan seie ut ifrå eitt opptak. Eg la opp til at informantane kunne ha ei viss variasjonsbreidde i språket sitt, og dette er noko som *kan* slå ut avhengig av dialekta til samtalepartneren, men ikkje noko som *nødvendigvis* gjer det.

Elles prøvde eg å i minst mogleg grad snakke om at eg skulle forske på språket deira før etter intervjuet var gjennomført, ettersom dette også er ein faktor som potensielt vil kunne påverke språket til informantane. Dersom dei er klare over at språket deira seinare vil bli analysert, vil dei kanskje ha meir fokus på korleis dei ordlegg seg enn til vanleg, noko som kan forandre på språket. Det er sjølvsagt eit etisk spørsmål rundt det å ikkje fortelje informanten om heile formålet med forskinga før intervjuet, men dette er heller ikkje vanleg å gjere i all sosiolingvistisk forskning. Etter intervjuet informerte eg dei om heile formålet, der eg opplyste om at eg kom til å gjere ei analyse av det språket som kom fram under intervjuet. Ingen av informantane hadde innvendingar mot dette, og fleire av dei viste nysgjerrigheit rundt det komande resultatet.

Ei siste utfordring eg vil nemne er problematikken rundt informanten eg ikkje fekk intervjuet i Vågsøy, slik eg gjorde med dei to andre. Dette gjorde at informantane ikkje fekk heilt det same utgangspunktet. Denne informanten kan kanskje ha blitt påverka av at han fysisk var til stades i Bergen under intervjuet og ikkje i Vågsøy. På same måte kan dei andre to informantane sitt språk ha blitt påverka av at dei var i Vågsøy og ikkje i Bergen. Likevel vart alle utsatt for den same intervjuaren med vågsøydialekt. Om informantane vart påverka av den fysiske omgjevnaden under intervjuet vil vere heilt umogleg å seie, og difor valde eg å ikkje sjå på dette som eit veldig stort problem.

4.4 Framstilling av språket til informantane

I analysen vil eg kome til å gjengi munnleg tale frå informantane, anten for å få fram noko om språkbruken deira eller for å få fram noko som kan forklare den språklege åtferda deira. Her har eg valt å legge meg opp mot ein transkripsjon som er relativt nær normalortografien, men med enkelt avvik for å få fram konkrete lydære trekk. Eg vil bruke bokstavar frå det latinske alfabetet. Det einaste unntaket er at eg vil nytte meg av teikna *f* og *ç* frå det internasjonale fonetiske alfabetet, IPA. Dette har eg gjort fordi at dette er ein fonetisk lyd som kan skilje vågsøydialekta frå til dømes bergensmål. Ein vågsøyværing vil til dømes uttale nektingsadverbialet ”ikkje” som ”*iççe*”, der ein ung bergensar gjerne vil seie ”*iffje*”. Eg vil

berre nytte desse teikna i samanhengar der det er relevant å markere ulikskapen mellom dialektene.

Del II: Analyse

Som nemnt innleiingsvis ønsker eg å sjå på dialektbruk blant unge utflyttarar frå Vågsøy til Bergen. Eg ville finne ut noko om språkbruken til utflyttarane og kva som kan vere forklaringa på at dei i ulik grad legg om på talemålet sitt. I analysedelen vil eg dermed både legge fram ei analyse av språket til informantane (kap.5) og ei meir omfattande analyse eller drøfting av årsakene til desse språkvala (kap.6). I denne sistnemnde analysen vil fokuset mitt ligge på informanten sine haldningar og oppfatningar til eiga dialekt, og eg vil ut ifrå det eg fekk fram under intervju prøve å seie noko om kva for individuell motivasjon som kan ligge bak den språklege åtferda deira. Som eg òg har nemnt innleiingsvis, ønsker eg ikkje å ha eit eige kapittel for framlegging av teorigrunnlaget mitt. Difor har eg tvinna inn teorien her i analysedelen.

Analysedelen vil starte med ein kort presentasjon av alle tre informantane. Her vil eg beskrive bakgrunnen deira litt generelt. Deretter vil eg ta for meg ein og ein informant og gjere ei portrettanalyse. Dette vil vere ei analyse av informantane, der eg vil gi eit biografisk og språkleg overblikk. Eg vil her gjere greie for bakgrunn og språkleg profil. Forklaringar på den språklege åtferda vil eg omtale i siste del av analysen. Her vil eg ta utgangspunkt i nokre teoriar som ofte er brukt innanfor sosiolingvistiske studiar som liknar min eigen, og finne potensielle forklaringar på den språklege åtferda ut frå dette. Til slutt vil eg gjere ei kort samanfating av resultatet.

5. Språkbrukaren - ei analyse av språket

I denne delen av analysen vil fokuset ligge på den enkelte språkbrukaren. Her vil eg kort ta for meg haldningane og oppfatningane som språkbrukarane har av si eiga bygd og sitt eige talemål, og eg vil legge fram språkleg empiri frå datainnsamlinga. Eg vil starte med å gi ein kort presentasjon av dei ulike informantane, og deretter gå djupare inn på kvar og ein av dei i eit informantportrett. Her vil eg presentere informantane språkleg ved å setje opp språktrekka i ein tabell og deretter grundig kommentere desse.

Når det kjem til den kvalitative gjennomgangen av språktrekka, har avgrensingar ved empirien min tidvis bydd på problem i analysen. Til dømes hadde eg planar om å sjå på uttalen av konsonantant, i sambanda *nd*, *ld*, *mb* og *ng*. Her fekk eg ikkje nok belegg på sambandet *mb*, noko som gjorde at eg ikkje kunne kommentere dette. Ved eit slikt kvalitativt intervju som eg gjorde, er det ikkje alltid ein får belegg for alle dei språktrekka ein ønsker å sjå nærmare på. Likevel fann eg ut at eg ville ha med språktrekket, og kommentere sambanda *nd*, *ld* og *ng*, ettersom eg fann fleire døme på desse.

5.1 Ein kort presentasjon av informantane

Informantane er, som sagt, ikkje tilfeldig utvalde. Eg har plukka ut tre informantar som i ulik grad har lagt om på dialekta si etter at dei flytta frå Vågsøy til Bergen. Før eg går grundig inn på informantane, vil eg starte med ein kort presentasjon. Eg vil først gi eit slags inntrykk av dei ulike informantane og kva som er dei største ulikskapane, noko som kanskje kan skape ein betre samanheng når ein vidare les informantportretta. For å anonymisere informantane vil eg gi dei tre tilfeldig namn, som eg vidare vil bruke gjennom resten av oppgåva. Den første informanten vil eg kalle Eva. Ho er den av informantane som i svært lita grad har lagt om på språket sitt. Den andre informanten kallar eg Erik, og er den som i middels grad har lagt om. Til slutt har vi Erling, som i stor grad har lagt om på språket sitt.

Eva

Ho er 26 år og voks opp i ei bygd utanfor sentrum i Vågsøy kommune. Til saman har ho budd i Bergen i omtrent fire år, men ikkje samanhengande. Ho har flytta til Bergen tre gongar, og alle gongane har ho flytta for å studere. Den første gongen var i 2010, då ho var 19 år gammal. Denne gongen budde ho i byen berre eit halvt år, før ho flytta vidare til ein tettstad på Vestlandet for å jobbe. Denne jobben hadde ho i åtte månadar, og flytta deretter tilbake til

Bergen. Denne gongen budde ho i byen i tre år, som er den lengste samanhengande perioden ho har budd der. Hausten 2014 drog ho utanlands eitt år, før ho for siste gong flytta tilbake til Bergen hausten 2015. No held ho på med ei mastergrad, og har planar om å fortsette å bu i byen framover.

Eva har eit ønske om å jobbe som journalist, og har allereie litt erfaring innanfor området. I intervjuet seier ho at ho gjerne kunne tenkt seg å flytte tilbake til Vågsøy, men då veit ho at ho ikkje vil kunne få drømmejobben. Ho meiner at drømmejobben hennar berre kan eksistere i ein storby, og at ho kunne tenke seg å fortsette å bu i Bergen eller flytte til Oslo. Ho trivast godt med å bu i by, og synest dette er ein heilt annan livsstil enn å bu på bygda. Spesielt er ho glad i kulturlivet i byen, då ho til dømes likar å gå på konsertar og liknande. Likevel er ho glad i roa ho får på bygda, og ho ser på dette som ein betre plass å stifte familie. Ho har dermed både for- og motargument for å flytte tilbake til Vågsøy i framtida, men ettersom ho no ser på jobben som det viktigaste, er det dette som gjer at ho i første omgang ønsker å bu i by. Eva seier at ho både kjenner seg som eit bymenneske og eit bygdemenneske. Ho synest det er vanskeleg å vurdere sjølv, men trur kanskje ho i størst grad er bygdemenneske.

Då Eva flytta til Bergen første gongen, budde ho i eit hus saman med 12 andre vågsøyværingar. Dette var sannsynlegvis med på å gjere overgangen ved flyttinga til Bergen ”knirkefritt”, som ho sjølv omtalar det som. Dette gjorde at ho kjende mange i byen frå før, og då spesielt mange frå heimstaden. Ho hadde allereie eit godt sosialt nettverk i byen når ho flytta dit. Men ettersom ho studerte når ho budde der, møtte ho mange gjennom studia, og ho meiner at det gjekk raskt å få seg nye vennar også. No bur ho i eit kollektiv med to andre personar; ein frå Wales (som snakkar engelsk) og ein frå Bergen (som snakkar bergensmål).

At ho bur saman med ein bergensar, fører sjølv sagt til at ho i stor grad møter på bergensmålet. I tillegg seier ho at ho jobbar saman med ”ein skokk” bergensarar og at ho møter mange i samanheng med studia. I tillegg var ho saman med ein bergensar i tre år. Ho meiner at ho er i møte med bergensmålet kvar dag. Vågsøymålet, derimot, meiner ho at ho i mindre og mindre grad møter på. Då ho flytta til Bergen for første gong, hadde ho mykje kontakt med det. No er det mindre enn før, og ho trur at ho møter på ein med lik dialekt som ho sjølv (altså nordfjorddialekt) berre ein gong i veka. Likevel har ho ein del kontakt med dialekta ved at ho brukar telefon, meldingar og ulike sosiale medium. Dette gjer at ho ofte er i kontakt med vågsøydialekta, sjølv om ho ikkje *møter* vågsøyværingane. Til dømes har ho

mykje kontakt med ei venninne som er flytta tilbake til Vågsøy. Ho har kontakt med denne venninna nesten kvar dag, anten på melding eller gjennom sosiale medium. Ho meiner at det er viktig å halde kontakta med vågsøyværingane, og ho passar på at denne blir oppretthaldt. Til dømes nemner ho at ho plar å møte ein vennegjeng med vågsøyværingar omtrent to gongar i månaden. I tillegg reiser Eva heim til Vågsøy omtrent fem eller seks veker i løpet av året for å besøke familie og vennar.

Erik

Som sagt er Erik den av informantane som i middels grad har lagt om på dialekta si. Erik voks òg opp i ei bygd utanfor sentrum, slik som Eva. Han er 24 år og flytta til Bergen som 19-åring. Han har budd i Bergen heilt sida han flytta dit, og har til saman budd i byen i omtrent fire og eit halvt år. No studerer han, men likevel var det i hovudsak på grunn av jobb at han flytta. Dei første åra arbeidde han altså i Bergen, men han var òg medviten om at han seinare ville gå fagskule der.

Erik har mange vennar frå Vågsøy som bur i Bergen. I tillegg bur han saman med ein av desse, noko han har gjort det siste halvåret. Han meiner at overgangen ved flytting frå Vågsøy til Bergen ikkje er særleg vanskeleg, fordi at *”de e jo dær alle studentane fær”*. Han omtalar òg Bergen som *”lille-Måløy”*, ettersom Måløy er den einaste byen i Vågsøy og Nordfjord, og meiner det er ei trygg løysing å flytte til Bergen framfor andre storbyar. Dette meiner han er fordi at Bergen er på Vestlandet, det tek omtrent berre fire og ein halv time heim med båten, og det bur allereie mange vågsøyværingar der. Han seier òg at miljøet mellom vågsøyværingane er veldig ope, ved at ein til dømes har eit eige fotballag i Bergen for dei som kjem frå området. Han brukar mest tid saman med vennane sine frå Vågsøy, men nemner òg at ein sjølv sagt får vennar utanfor denne kretsen også. Likevel trur han at det er ein tendens til at vågsøyværingane heng mest saman med andre vågsøyværingar. I alle fall gjeld dette han sjølv.

I Vågsøy har Erik ein kjæraste, noko som blant anna medverkar til at han kunne tenke seg å flytte tilbake til Vågsøy. Etter å ha budd lenge i byen kan han sjå for seg å slå seg til ro i Vågsøy. I intervjuet sa han at han nettopp hadde søkt på ein jobb som kunne gjere dette mogleg for han. Grunnen til at han ønsker å flytte tilbake til Vågsøy, er hovudsakleg på grunn av kjærasten. I tillegg ønsker han å vere nærmare familie og vänner. Han nemner at alle vennane hans frå Vågsøy anten har flytta tilbake, eller har planar om å flytte tilbake. Når eg spør om han kjenner seg mest som eit bygdemenneske eller bymenneske, seier han klart ifrå

om at han er mest bygdemenneske. Mest av alt likar han freda som ein finn på bygda.

Erik er ofte heime i Vågsøy. Han prøver å få til helgeturar, og reiser omtrent ein gong i månaden. I tillegg reiser han i feriane, dersom han ikkje jobbar. Når han reiser til Vågsøy, besøker han kjærasten, vennar og familie. Mest av alt besøker han den næraste familien, då det er der han bur når han er på besøk. Ut ifrå dette kan ein sjå at han har mykje kontakt med vågsøymålet. Bergensmålet har han òg sjølvsagt kontakt med, men ikkje i like stor grad. Han nemner at han jobbar saman med nokre bergensarar, i tillegg til at han har nokon i klassa si. Han nemner også at fleire av kollegaane og klassekameratane kjem frå andre stadar i landet. Når det kjem til dei næraste relasjonane hans, kan det sjå ut til at vågsøymålet er sterkt representert.

Då Erik flytta til Bergen og starta i jobb, møtte han på fleire ulike dialekter. Blant anna møtte han bergensmålet i jobben sin her, men han møtte òg på fleire nasjonalitetar. At han møtte på andre nasjonalitetar enn norsk i jobben, gjorde at det var viktig å tenke på korleis ein kommuniserte. Dei han jobba med beherska ikkje norsk fullt ut, og forstod i hovudsak berre bergensk talemål. Dette gjorde at han ofte ikkje vart forstått når han brukte si eiga dialekt. I tillegg meiner han at det var fleire ting som heller ikkje bergensarane forstod. Dette var mest snakk om uttrykk, men var likevel ei slags språkkonflikt han møtte på i starten av opphaldet sitt i byen.

Erling

Han kjem frå sentrumsområdet i Vågsøy, og er den av informantane som i stor grad har lagt om på dialekta si. Han er 22 år og flytta til Bergen då han var 21 år, og har til saman budd der i omtrent eitt og eit halvt år. Erling er dermed den av informantane som har budd kortast tid i Bergen. I motsetning til både Eva og Erik, har Erling flytta mykje på seg i løpet av sine første leveår. Han og familien kjem opphavleg frå eit land i Midtausten, og dei flytta til Vågsøy då han var 7 år gammal. Her budde dei til han var 10 år. Deretter flytta dei til Østfold, der dei budde i omtrent eitt år, før dei flytta tilbake til Vågsøy igjen. Etter dette har dei blitt værande i Vågsøy, og Erling budde dermed i Vågsøy i 10 år til før han flytta til Bergen for å studere. Erling har altså ein opphavleg utanlandsk bakgrunn, men snakkar likevel flytande norsk utan aksent. Bakgrunnen hans gjer at han òg har ein "ikkje-norsk" utsjånad, og at familien hans delvis ikkje snakkar vågsøydialekt. Det er berre søskena hans, og han sjølv, som har klart å tileigne seg det norske språket og vågsøydialekta heilt flytande etter at dei flytta til Noreg.

I Bergen bur Erling åleine, og det er ikkje ofte han møter vågsøyværingar. Han seier at

han har mykje kontakt med dei, men at dette helst er på sosiale medium. Primært har han kontakt med 2-3 personar frå Vågsøy som bur i Bergen. Derimot har han mykje kontakt med austlendingar når han er i Bergen. Dette er fordi at det er svært mange austlendingar som går på same studie som han, og som har ført til at mange av vennane hans i Bergen kjem frå Oslo-området. Han er dermed i mindre kontakt med vågsøyværingar enn Eva og Erik. Han seier at han reiser heim til Vågsøy i feriane, i tillegg til at han av og til tek nokre småturar. Men når han er i Vågsøy, er det primært familien han besøker. Ofte er ikkje vennane hans i Vågsøy heime samstundes som han, ettersom også dei har reist vekk for å studere.

Når eg spør om han kunne tenke seg å flytte tilbake til Vågsøy, er svaret klart nei. Hovudgrunnen til dette er at han studerer for å kunne jobbe innanfor økonomi. På grunn av dette seier han at han ønsker å bu i ein by, då han meiner at han aldri vil kunne få ein jobb av interesse i Vågsøy. Den framtidige jobben ser ut til å vere svært viktig for han, og han brukar mykje tid saman med studievennane sine, som for det meste er frå Austlandet. Helst kunne han tenke seg å flytte til Oslo, fordi dei har dei beste jobbmoglegheitene for han. Om han hadde fått ein aktuell jobb i Bergen, kunne dette også latt seg gjere. Men det er Oslo som freistar mest.

I tillegg til jobbmoglegheiter nemner han at Vågsøy er ein altfor liten plass. Han seier at han ikkje kjenner seg like heime der som før, og at han føler seg meir komfortabel i ein by. Når det kjem til kva som kjennast som "heime" for han, meiner han at ein må definere det som den plassen ein føler seg mest komfortabel, og der livet ditt generelt er. Difor meiner han at Bergen er meir "heime" for han no enn Vågsøy. Vågsøy ser han meir på som ein heimplass enn "heime". Han kjenner seg ikkje like komfortabel i Vågsøy lenger, og ser heller på Vågsøy som "plassen der han vaks opp".

5.2 Om informantportretta

Vidare vil eg no gå djupare inn på kvar enkelt informant, og eg vil legge fram språkleg empiri frå datainnsamlinga. Eg vil først seie noko kort om informanten, og deretter sjå på den språklege profilen deira. Her vil eg presentere språktrekka deira i ein tabell og deretter kommentere språkfunna for dei ulike informantane.

5.3 Eva

Eva ser ut til å vere svært stolt av dialekta si. Sjølv om ho møter på bergensmålet og andre

talemål i kvardagen sin, let ho seg påverke svært lite. Ho seier sjølv at ho er bevisst på dialekta si, og at ho er ein nynorskforkjempar. I tillegg viser ho stolt fram ei statue av Ivar Aasen under intervjuet. Ho seier at ho er klar over at ho har tatt til seg fleire uttrykk som blir brukt i Bergen, men at ho ikkje trur at ho har endra så mykje på språket sitt anna enn desse enkeltorda. Ho meiner òg at dialekta er svært viktig for hennar identitet. Om ho hadde lagt om på dialekta si, hadde ho ikkje kjent seg som seg sjølv. Språk heng tett saman med identitet, meiner ho.

Språkleg profil

Eva sin språkbruk er svært konsekvent. Sjølv er ho litt usikker på om ho knotar, altså om ho modifierer språket sitt, ”*menne.. eg truçe eg e den værste, kansje*”. For det meste trur ho at det berre er ny slang og uttrykk ho har tatt til seg etter at ho flytta til Bergen. Det å halde på dialekta har ho alltid sett på som viktig, og ho nemner stolt at ho i tillegg er nynorskforkjempar på sin hals. Dette trur ho går litt hand i hand. I tillegg starta ho å arbeide i ei mediebedrift i ganske ung alder, som har ein språkpolitikk som tilseier at ein må nytte seg av ein viss prosentdel nynorsk. Dette meiner ho at har gjort ho meir bevisst på språket sitt. Ho meiner òg at det kan verke inn at ho ofte les nyheiter på normert nynorsk. I samanheng med dette fortel ho at ho før sa ”*kordan*”, som er den lokale uttalen i Vågsøy, mens ho no seier ”*korleis*”. Ho kjenner dermed ein slags påverknad her ifrå, meir enn kanskje frå bergensmålet. Sjølv om ho omgåast mykje med bergensmålet til vanleg, er ho såpass opptatt av å halde på dialekta si at ho meiner at ho har svært få avvik frå dei typiske språktrekka i Vågsøy.

Nedanfor har eg presentert språket hennar i ein tabell, med inspirasjon frå Marit Midtlien si masteravhandling (2016). I denne tabellen nyttar eg stort kryss med feit skrift (**X**) der Eva er heilt konsekvent i bruken av eit språktrekk. Om ho er tilnærma konsekvent, men har innslag av ein annan variant, markerast det med stort kryss (X) for den varianten som nyttast i størst grad og eit lite kryss (x) for den varianten som berre tidvis nyttast. I tilfelle der Eva nyttar eit språktrekk i like stor grad, markerast det med to små kryss for begge variantane (x) (x). Desse prinsippa ligg òg til grunn for markeringane som er gjort i tabellane i informantportretta av Erik og Erling.

Tabell 1. Oversikt over Eva sine språktrekk

Språktrekk	Trad. former	Mod. former
Bortfall av utlyds- <i>r</i> ved substantiv ubestemt form fleirtal	X	
Bortfall av utlyds- <i>r</i> ved presensformer av svake verb	X	
Uttale av konsonantsambanda <i>nd</i> , <i>ld</i> og <i>ng</i>	X	x
Nektingsadverbial	X	
Pronomenformer	X	
Bøying av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal	x	x

Eva har ingen avvik frå den tradisjonelle vågsøydialekta når det gjeld dei to første språktrekka som går på bortfall av utlyds-*r*. Utlyds-*r* blir ikkje uttalt i vågsøydialekta, verken ved substantiv ubestemt form fleirtal eller ved presensformer av svake verb. Dette vil seie at ho uttalar ”*venna*” og ”*konserta*” og ikkje ”*venner*” og ”*konserter*”, og ”*snakka*” og ”*lika*” og ikkje ”*snakkar*” og ”*liker*”.

Ved uttale av konsonantsambanda *nd*, *ld* og *ng* finn eg at ho i stor grad ikkje assimilerer. Dette vil seie at ho held seg til den tradisjonelle uttala i vågsøydialekta. Det einaste tilfellet der ho assimilerer, er i uttalen av verbet ”*holde*”, i sambandet *ld*, som ho uttalar ”*hålle*”. Elles uttalar ho sambandet utan assimilasjon, som til dømes i orda ”*melding*” og ”*behålde*”. I sambanda *nd* og *ng* assimilerer ho altså ikkje i det heile. Til dømes seier ho ”*utfårdrande*” (utfordrande), ”*engelsk*” og ”*ting*”.

Når det kjem til nektingsadverbial, finn eg at Eva er heilt konsekvent, og at ho berre nyttar seg av den tradisjonelle forma ”*iççe*”. Dette brukar ho òg i enklise, til dømes ved at ho seier ”*eçe*” (er ikkje), ”*truçe*” (trur ikkje) og ”*sjeçe*” (skjer ikkje). Altså blir verb og nektingsadverb ”smelta” saman. Dette forsterkar bilete på at ho er konsekvent i sin bruk av nektingsadverb. På det neste språktrekket, pronomenformer, er ho òg heilt konsekvent og heilt tru mot den tradisjonelle forma. Ho nyttar seg av 1. personpronomenet i eintal subjektsform *e:(g)* og 3. personpronomenet i fleirtal *dæi*.

Ved det siste språktrekket, bøying av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal, brukar Eva begge variantane i omtrent like stor grad. Til dømes seier ho ”*venninda*” og ”*systra*” (systema), som er tradisjonelle former for vågsøydialekta. Av modifiserte former brukar ho til dømes ”*mytn*” (myten) og ”*dialektn*”. Her ser vi at ho har ei *-en*-ending, og ikkje *-a*. Ei slik *-en*-ending er typisk for bergensmålet. Bergensk har nemleg, som det einaste talemålet, berre to grammatiske kjønn; hankjønn og inkjekjønn (Mæhlum & Røyneland, 2012: 99). Likevel er

det ikkje heilt typisk for bergensarar å kutte bort den trykklette *e*-en, slik Eva har gjort i til dømes ”*mytn*” og ”*dialektn*”. Ein bergensar vil dermed seie ”*myten*” og ”*dialekten*”. Til tross for dette er det mogleg at modifiseringa kjem som ein påverknad frå bergensdialekta. Eva brukar òg i nokre tilfelle uttala ”*dialekta*”, men som oftast seier ho ”*dialektn*”. Dette kjem òg fram ved at ho seier ”*sørlandsdialektn*”, ”*bergensdialektn*” og ”*norlandsdialektn*”. Men i nokre tilfelle brukar ho *-a*-ending, til dømes ved at ho også seier ”*bergensdialekta*”. Dette er dermed eit språktrekk ho er lite konsekvent på.

Alt i alt er det mange språktrekk Eva heilt konsekvent nyttar seg av. Under intervjuet kunne eg med ein gong høyre at ho hadde svært få unntak frå vågsøydialekta. Under analysen av dei utvalde språktrekka fann eg ut at førsteinntrykket i stor grad var rett. Det er berre ved to av desse språktrekka ho til ei viss grad modifiserer språket sitt. Dette er ved uttale av konsonantsambanda *nd*, *ld* og *ng* og ved bøyning av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal. Ved det førstnemnde språktrekket er ho likevel tilnærma konsekvent, mens ho ved det andre språktrekket nyttar seg like mykje av begge variantane.

5.4 Erik

Erik er i stor grad stolt av dialekta si, men har møtt på fleire språkhinder under sitt opphald i Bergen. Han kan òg verke litt småflau av å bruke dialekta si fullt ut i nokre samanhengar, ettersom han til dømes nemner at klassekameratar har etterlikna han når han snakkar dialekta si. Eit døme han kjem med, er uttrykket ”*ka de e?*” (kva er det?) i raskt tempo, noko eg har inntrykk av at mange vågsøyværingar gjer. I eit slikt tempo medfører det ei uttale som liknar meir ”*kadee?*”. På ei anna side verkar det som han synest det kan vere morosamt å få kommentarar på dialekta si, og som at han er stolt over den.

I intervjuet gir han også uttrykk for at vågsøydialekta er ”*dritkul*”, noko som òg viser at han i stor grad er stolt over dialekta. Han seier at han eigentleg starta med å legge om fordi han ikkje vart forstått. Dette var spesielt i jobben hans, som nemnt tidlegare, då han jobba saman med menneske frå ulike land. Desse hadde berre lært seg bergensmålet, og sa at dei ikkje forstod kva han sa når han brukte *-a*-ending ved hokjønn i bestemt form eintal. Då måtte han ofte gjenta, eller omsette det til bergensmål med *-en*-ending. Før eg no går over til Erik sin språklege profil, vil eg nemne at Erik er den av dei tre informantane som ikkje vart intervjua i Vågsøy (som nemnt i kap.4). Dette vil seie at språkbruken hans *kan* ha blitt påverka av at han var i Bergen under intervjuet.

Språkleg profil

Språkbruken til Erik er ved fleire tilfelle varierende. Han seier sjølv at han er klar over at han knotar, men han trur likevel at det er vågsøydialekta han brukar mest. I likskap med Eva, meiner han at han har tatt til seg ord og uttrykk som blir brukt i Bergen. Erik seier at han var meir bevisst på språkbruken sin før, og at han no kan seie noko som er nærme bergensmålet utan å legge merke til det. Dette trur han har mykje å gjere med at han har budd der så lenge som han har. Då han hadde budd der i to år, var han meir bevisst på at han til ei viss grad endra språkbruken sin. Han meiner at det er blitt meir "naturleg" med årene.

Dei utvalde språktrekka til Erik ser slik ut:

Tabell 2. Oversikt over Erik sine språktrekk

Språktrekk	Trad. former	Mod. former
Bortfall av utlyds- <i>r</i> ved substantiv ubestemt form fleirtal	X	
Bortfall av utlyds- <i>r</i> ved presensformer av svake verb	X	
Uttale av konsonantsambanda <i>nd</i> , <i>ld</i> og <i>ng</i>	X	x
Nektingsadverbial	x	x
Pronomenformer	X	
Bøying av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal	X	x

Erik er, i likskap med Eva, heilt konsekvent på dei to første språktrekka som går på bortfall av utlyds-*r*. Han uttalar dermed ikkje utlyds-*r* ved substantiv ubestemt form fleirtal. Dette gjer at han til dømes uttalar "kvardaga", "kultura" og "måna" (månadar). Han uttalar heller ikkje utlyds-*r* ved presensformer av svake verb, noko som gjer at han seier "skjønna", "meina", "flire" og så vidare. Altså nyttar han seg berre av tradisjonelle former ved dette språktrekket.

Ved uttale av konsonantsambanda *nd*, *ld* og *ng* finn eg at Erik både nyttar seg av tradisjonelle og modifiserte former, men at han i størst grad brukar den tradisjonelle. I sambandet *nd* uttalar han som oftast begge konsonantane, noko som vil seie at han ikkje assimilerer. Han uttalar til dømes ord som "kvarandre", "stond" (stund) og "fåranding" (foranding) utan assimilasjon. I andre ord, som til dømes "norlendinga" (nordlendingar), "bjynnelsn" (byrjinga, ofte uttalt "bjynndelsen" i vågsøydialekta) og "utlending" (utlending) får han assimilering, noko som skil seg frå vågsøydialekta. Dermed har han òg fleire unntak. Når det kjem til dei andre sambanda, *ld* og *ng*, finn eg ingen

avvik frå den tradisjonelle forma. Her nyttar han ingen assimilasjon i orda. Til dømes seier han ”*stilling*” og ”*avhengi*”. Han er dermed konsekvent ved at han ikkje assimilerer sambanda *ld* og *ng*. Men ved sambandet *nd* assimilerer han i nokre tilfelle.

Når det gjeld Erik sin bruk av nektingsadverbial, finn eg at han i like stor grad nyttar seg av ”*iççe*”, som er det tradisjonelle nektingsadverbialet i vågsøydialekta, og ”*iffē*”, som blir brukt i Bergen. I enklise blir også begge formene brukt. Til dømes seier han ”*jæçe*” (gjer ikkje), der han nyttar den tradisjonelle forma, og ”*huskafē*” (huska ikkje), der han nyttar ei form som er meir lik bergensmålet. I nokre tilfelle brukte han òg fleire modifiserte former i same setning. Eit døme på dette er ”*så sjønte jo ije dei ka eg sa*”. Ved språktrekket nektingsadverbiale nyttar han dermed ei modifisert form og den tradisjonelle forma i like stor grad, noko som klart viser ein påverknad av språket i Bergen. Nektingsadverbialet ”*iffē*” er ei nydanning som er komen etter at *sje*- og *kje*-lydane fall saman. Ein finn altså eit samanfall mellom dei to lydane, og i dag ser ein at det er vanleg blant unge bergensarar å bytte ut *ç* med *f* (Mæhlum & Røyneland, 2012: 100). Ved pronomenformer er Erik heilt konsekvent. Her brukar han 1. personpronomenet i eintal subjektsform *e:(g)* og 3. personpronomenet i fleirtal *dæi*.

Vidare, ved bøyning av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal, finn eg at han ikkje er konsekvent. Det som er vanleg for vågsøydialekta, er at ein får ei *a*-ending, men i Erik sitt tilfelle fann eg ei veksling mellom *a*-ending og (*e*)*n*-ending. Ord som ”*tida*” og ”*dialekta*” uttalar han med *a*-ending. Andre ord får (*e*)*n*-ending, som til dømes ”*damen*” og ”*klassn*”. I intervjuet seier han at denne endinga er noko han får mykje kommentarar på frå vågsøyværingane, og då spesielt sambuaren. Desse endingane finn ein i bergensdialekta, og difor kan det tenkast at Erik har fått desse endringane i dialekta si etter påverknad av språket i Bergen. Dette vil eg komme tilbake til seinare i analysekapittelet. Sjølv om han nyttar seg av andre endingar enn den tradisjonelle, ser det ut til at *a*-endinga dominerer hos Erik. Det er den endinga han brukar i dei aller fleste samanhengar.

Erik er altså konsekvent på tre av dei seks språktrekka, noko som kan tilseie at han i middels grad har lagt om på språket sitt. Sjølv om han på to av dei andre språktrekka nyttar den tradisjonelle varianten i størst grad, er det likevel fleire døme på at han brukar andre modifiserte språkformer. På det siste språktrekket nyttar han seg like mykje av dei to variantane.

5.5 Erling

Erling har ikkje det same forholdet til dialekta si som Eva og Erik. Han ser ut til å delvis vere stolt over dialekta si, men ikkje på grunnlag av at han snakkar akkurat den dialekta han gjer. Han er heller meir stolt av at han snakkar dialekt generelt. Elles er han ikkje særleg interessert i å absolutt halde på dialekta si, men har heller eit fokus på det å bli forstått. Blant dei han omgåast med, som i all hovudsak er austlendingar, har han ofte blitt retta på eller ikkje blitt forstått når han har snakka dialekt. Dette har ført til at han legg om for å bli forstått. Likevel seier han i intervjuet at han ikkje sjølv var klar over at han knota før nokon sa det til han. Det kom som eit sjokk på han, men han brydde seg ikkje noko særleg om å endre språket tilbake igjen etter dette. Han meiner at språket ikkje har noko med identitet å gjere.

Språkleg profil

Språkbruken til Erling er ikkje konsekvent. Han seier sjølv at han er klar over at han modifierer språket sitt, men at han ikkje var klar over det før nokre vennar av han sa det til han. Det som er mest påfallande av det som kjem fram under intervjuet, er at språket hans er påverka av austlandsk, og ikkje bergensmålet. Å legge om dialekta til ei anna enn den som blir brukt av det store fleirtalet i byen, er noko som verkeleg skil seg frå det ein kunne forventa av ein vågsøyværing som flyttar til Bergen.

Språktrekka til Erling ser slik ut:

Tabell 3. Oversikt over Erling sine språktrekk

Språktrekk	Trad. former	Mod. former
Bortfall av utlyds- <i>r</i> ved substantiv ubestemt form fleirtal	x	X
Bortfall av utlyds- <i>r</i> ved presensformer av svake verb	x	x
Uttale av konsonantsambanda <i>nd</i> , <i>ld</i> , <i>mb</i> og <i>ng</i>	X	x
Nektingsadverbial	X	x
Pronomenformer	x	x
Bøying av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal	x	x

Når det kjem til utlyds-*r*, fann eg at han ofte uttalar *r*-en. Difor har ikkje Erling heilt bortfall av utlyds-*r* i dialekta si, noko som viser at han modifierer. Når det kjem til substantiv ubestemt form fleirtal, uttalar han *r*-en i dei aller fleste tilfelle. Til dømes seier han ”rutiner”, ”byer” og ”bestevenner”. Ord som har bortfall av utlyds-*r*, er til

dømes ”*menneske*”, ”*variasjona*” og ”*klasse*”. Likevel fann eg at han i fleire tilfelle seier ”*mennesker*”. Han er altså ikkje konsekvent i bruken av dette språktrekket, men har ein klar dominans av at han nyttar seg av utlyds-*r*. Ved presensformer av svake verb er han heller ikkje konsekvent på utlyds-*r*; men her nyttar han dei to variantane omtrent like mykje. Han seier ”*påvirker*”, ”*passer*” og ”*snakker*”, og han seier ”*bytta*”, ”*snakka*” og ”*hjelp*”.

Ved uttale av begge konsonantane i sambanda *nd*, *ld* og *ng* brukar han tilnærma konsekvent dei tradisjonelle trekka for vågsøydialekta. Likevel har han avvik ved alle sambanda. I sambandet *nd* uttalar han til dømes ”*rundt*” og ”*under*” utan assimilasjon, slik som ein tradisjonelt gjer i vågsøydialekta. Andre ord assimilerer han, som til dømes ”*irriterne*” (irriterande) og ”*lann*” (land). I sambandet *ld* uttalar han til dømes ”*kveld*” utan assimilasjon. Avvik her er at han assimilerer når han seier ”*fårhåll*” (forhold, uttalt ”*fårhåld*” i vågsøydialekta) og ”*kallsvette*” (kaldsveitte). I sambandet *ng* har han som oftast ingen assimilasjon, som til dømes i ”*utveksling*”, ”*mening*” og ”*trening*”, mens han i andre tilfelle får ei assimilering av konsonantane. Dette er i ord som til dømes ”*mange*”, ”*mangel*” og ”*Stavanger*”, der han altså får en velar nasal - slik som i austlandsk uttale av desse orda. Sjølv om Erling her har fleire avvik frå vågsøydialekta, uttalar han konsonantane utan assimilasjon i dei aller fleste tilfelle.

Når det gjeld nektingsadverbial, fann eg at han er ganske konsekvent. Her held han seg i stor grad til det tradisjonelle nektingsadverbialet i vågsøydialekta ”*iççe*”. I likskap med både Eva og Erik brukar han også dette i enklise, og seier til dømes ”*ekje*” (er ikkje), ”*kankje*” (kan ikkje) og ”*trukje*” (trur ikkje). Likevel har han nokre få tilfelle der han nyttar seg av ”*ikke*” saman med verb, som til dømes i ”*ække*” (er ikkje, uttalt *ekje* i vågsøydialekta). Det er i svært få tilfelle at han nyttar seg av andre former enn den tradisjonelle ved dette språktrekket.

Av pronomener nyttar han seg òg omtrent like mykje av den tradisjonelle forma som av ei modifisert. Likevel fann eg at han er svært konsekvent ved bruken av den eine pronomensforma. Han nyttar seg av 3. personpronomenet i fleirtal *di*. Dette brukar han gjennom heile intervjuet, med unntak av berre éin gong. Dette pronomenet høyrer ikkje til i vågsøydialekta, men blir blant anna brukt på Austlandet. Når det kjem til 1. personspronomenet i eintal subjektform, nyttar han seg av både *e*, *eg*, *jæ* og *jæi*. I dei aller fleste tilfelle uttalar han *e* eller *eg*, men han har òg fleire tilfelle der han nyttar seg av det austnorske pronomenet. Dette brukar han spesielt mykje i eit uttrykk som han brukar fleire gongar i løpet av intervjuet: ”*hva jæ'sku si*”. Her kjem det òg fram at han seier ”*hva*” og ”*si*”, som openbart er austnorsk påverknad. I vågsøydialekta ville ein sagt ”*ka*” og ”*sei(e)*”.

Når det kjem til bøyning av substantiv i hokjønn i bestemt form eintal, er han også inkonsekvent i språkbruken, og han brukar *-a*-ending og *-(e)n*-ending i like stor grad. Substantiv som han uttalar likt som i vågsøydialekta, er til dømes ”*bobla*”, ”*gata*” og ”*dialekta*”. Ved andre substantiv, som til dømes ”*problemstillingen*”, ”*befolkningen*” og ”*tilknytningen*” har han altså endinga *-en*. I tillegg fann eg at han nyttar ”*dialektn*” oftare enn ”*dialekta*”, og at han seier ”*fadderuka*” i staden for ”*fadderveka*”. I sistnemnde nyttar han seg altså av den tradisjonelle *-a*-endinga, men likevel ser ein at det er svært uvanleg å bruke bokmålsordet ”*uke*” i staden for ”*veke*” i vågsøydialekta.

Han brukar òg mange andre ord og uttrykk som ikkje blir brukt i Vågsøy. Dette er til dømes ”*hvordan gå’de me dæi*”, ”*sellom*” (sjølv om, uttalt som *sjølom* i vågsøydialekta) og ”*hva sjer*”. Sjølv om ein i sentrum i Vågsøy kan finne nokre ord som er meir bokmålnært enn i utkantane, så er dette ord som svært sjeldan eller aldri blir brukt heller her. Spesielt er det veldig uvanleg å bruke *hv*-orda ”*hva*” og ”*hvordan*”, som i vågsøydialekta blir uttalt som ”*ka*” og ”*korleis/kordan/kossn*”. At han her nyttar seg av *hv* i staden for *k*, er her altså svært utstikkande. Han har òg mange fleire unntak frå vågsøydialekta enn dei eg får nemnt gjennom mine utvalde språktrekk. Nokre av desse er til dømes ”*løs*”, ”*dagene*”, ”*forskjellene*”, ”*tror*”, ”*hjem*”, ”*nå*” og ”*bor*”.

Det er altså heilt klart at Erling modifierer språket sitt. Det er berre nokre små delar av dei språktrekka eg har sett på som han brukar konsekvent. Elles nyttar han seg av ulike språkformer, og til og med språkformer som ein verken finn i vågsøydialekta eller i bergensdialekta. Det er dermed heilt klart at Erling også er påverka av sentralaustnorsk. Dette ser ein ikkje minst ved at Erling ofte brukar eit anna intonasjonsmønster enn det som er vanleg i vågsøydialekta, ein intonasjon som er meir lik lågtone-intonasjonen. Dette er altså ein svært markant forskjell mellom dialektene. Eg vil ikkje gå meir inn på dette med intonasjon i denne oppgåva, men eg nemner det likevel for inntrykket sin del. Erling skifta ofte intonasjonen i løpet av intervjuet, men i størst grad nytta han ein utradisjonelt intonasjon i forhold til vågsøydialekta.

6. Språkbrukaren - ein diskusjon om forklaringsfaktorar

I førre kapittel forsøkte eg å beskrive kva som karakteriserer talemålet til dei unge utflyttarane frå Vågsøy. Dei har i ulik grad lagt om på språket sitt, og eg fann ut noko om kva som karakteriserer språket deira. No vil eg prøve å svare på den andre delen av problemstillinga mi, som handlar om kva som ”ligg bak” desse ulike språklege åtferdene. Eg vil i denne samanhengen omtale teoriar som ofte blir brukt innanfor språk og identitet, og her vil eg sjå på tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien. Til slutt vil eg ta ei samanfatning, der eg vil prøve å samle trådane og kort seie noko om språket til informantane og moglege årsaker bak språkbruken.

Denne delen av analysen baserer seg på det same datamaterialet som den førre delen, sjølv om eg skiftar perspektiv, men i denne delen vil eg heller tolke informasjonen eg fekk gjennom dataa heller enn å bruke den til å kartlegge språket. I tillegg har det vore nødvendig for meg å trekke inn eigne observasjonar av Vågsøy og vågsøydialekta, for å kunne gi eit meir utfyllande bilde av språkbrukarane.

6.1 Språk og identitet

Samanhengen mellom språk og identitet er ein faktor som kan trekkast inn i denne oppgåva. Som ein del av problemstillinga mi ville eg prøve å finne ut noko om kvifor utflyttarane sine talemål har utvikla seg slik som dei har. For mange er talemålet ein viktig del av identiteten. Fleire språkforskarar meiner at det er ein samanheng mellom språk og identitet, og fleire psykologar, filosofar og antropologar har støtta dette. Språket har vore sett på som ein av dei viktigaste faktorane som skapar identiteten vår, noko som nettopp er fordi at det er gjennom språket vi presenterer identiteten vår. Språkforskarane Robert Le Page og Andrée Tabouret-Keller (1985) vurderer språkleg åtferd som identitetshandlingar, og meiner at individet brukar språket til å vise sin personlege identitet og til å søke etter sosiale roller (Mæhlum, 2011: 106). Likevel er det ikkje alle som delar dette synet. Det er òg mange som *ikkje* ser på språket som ein viktig del av identiteten. Dei haldningane ein har til samanhengen mellom språk og identitet, kan difor tenkast at kan verke inn på språket.

Eg vil ikkje gå meir i djupna på samanhengen mellom språk og identitet i denne oppgåva, og eg vil heller ikkje forsøke å forklare det komplekse omgrepet ”identitet”. Fokuset mitt vil heller ligge på å forsøke å forklare den språklege åtferda til utflyttarane ut frå haldningane dei har til sitt eige språk og sin eigen heimstad. Vidare vil eg sjå på to teoriar som

ofte er brukt innanfor språk og identitet, tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien, som eg meiner til ei viss grad vil kunne hjelpe oss til å forstå den språklege praksisen til utflyttarane.

6.1.1 Tilpassingsteorien

Utgangspunktet for denne teorien er å få ei forståing og ei forklaring av språkbrukaren sine individuelle veksingar, som til dømes når ein varierer talemålet avhengig av kven ein pratar med (Giles & Smith, 1979). Det er i prinsippet snakk om to motståande strategiar - konvergering og divergering. Når ein konvergerer, nærmar ein seg språket til samtalepartnaren, og når ein divergerer, opprettheld ein dei allereie eksisterande språkforskjellane eller aukar den lingvistiske avstanden til samtalepartnaren.

Tilpassingsteorien bidreg til å gjere greie for dei sosiale og psykologiske føresetnadane for språklege strategiar, og seier noko om kva føresetnadar som gjer det mest sannsynleg med konvergens og divergens. Eit grunnleggande trekk ved teorien er at den ser på språkleg åtferd som ei form for sosial respons, der det er språkbrukaren sitt ønske om sosial identifikasjon med, eller distanse til, andre menneske som ligg til grunn (Mæhlum, 2011: 112).

Det som ligg til grunn for tilpassingsteorien er eit sett av ulike sosialpsykologiske prinsipp. Mæhlum (2011: 113) skriv at essensen kan samanfattast slik:

Graden av gjensidig sympati og anerkjennelse mellom kommunikasjonspartnere er avhengig av at de har like eller beslektete holdninger, oppfatninger eller atferdsmønstre.

Ut frå dette vil altså språkleg konvergens vere ein av fleire måtar å oppnå større grad av likskap på. Den som konvergerer, er ofte den som har minst status og prestisje, noko som gjer at vi kan tenke oss at det vil vere meir naturleg at ein med bygdemål konvergerer mot bymål enn motsett. Det har tradisjonelt vore ein ulikskap mellom dialektene i Norge, der bymåla har vore høgare stilt i eit prestisjehierarki enn bygdemåla. På toppen av prestisjehierarkiet kjem normalt eit standardtalemål (sjå t.d. Mæhlum, 2009). Standardtalemålet er kort sagt det talemålet som blir assosiert med grupper eller personar med høg utdanning, status og autoritet. I Noreg er det austnorsk, det talemålet som blir brukt i hovudstaden Oslo, som assosierast med eit slikt standardtalemål. I samanheng med dette omgrepet er det òg viktig å presisere at standard først og fremst må forståast som "[...] an idea in the mind rather than a reality - a set of abstract norms to which actual usage will conform to a greater or lesser extent" (Milroy & Milroy, 1985: 23). I eit slikt prestisjehierarki er altså bymåla generelt

høgare oppe enn dialektene, og blir rekna som ”finare” enn bygdemåla.

Ein siste ting eg vil nemne om denne teorien før eg tek han i bruk, er korleis ein kan tolke konvergens og divergens i forhold til eit sosialt gruppenivå. Konvergerande språkbruk kan bli tolka som eit ønske om å nærme seg og kanskje bli ein del av den sosiale gruppa som samtalepartnaren tilhøyrar. Likevel er det mogleg at målet for den som konvergerer heller er å distansere seg frå si eiga sosiale gruppering. Ei slik tvitydig finn ein òg i tolkinga av divergerande språkbruk. Denne kan bli oppfatta som at språkbrukaren ønsker å framheve sin eigen sosiale tilhøyrslø. Men det kan òg vere at denne språkbruken blir brukt for å uttrykke sit ønske om sosial avstand frå samtalepartnaren, noko som kan gjere at ein vil snakke endå breiare dialekt (Mæhlum, 2011: 114).

For å få ei betre forståing av informantane sett i forhold til denne teorien, skulle eg gjerne hatt kunnskap om det språket dei nyttar seg av saman med bergensarar eller, i Erling sitt tilfelle, austlendingar. Dette vart ikkje mogleg for meg å få tak i, og eg må berre bruke det materialet eg har. Sjølv om eg ikkje har direkte innsyn i korleis dei språklegg seg i ulike samanhengar, var det likevel noko eg fekk ei viss innsikt i gjennom spørsmåla eg stilte i intervjuet.

Eva

Eva er opptatt av å halde på dialekta si, og seier at ho aldri vil finne på å legge om. Dialekta omtalar ho som ein del av hennar ”varemerke”. Likevel nemner ho at ho trur ho snakkar litt breiare når ho er i Vågsøy, der palataliseringa i større grad kjem inn. Ho nemner til dømes at ho av og til seier ”bakkjen” og ”innimylja” (innimellom). Her ser ein at Eva til ei viss grad konvergerer når ho er heime i Vågsøy, noko som kan vere eit ønske om å passe endå betre inn i den sosiale gruppa i Vågsøy eller eit ønske om å vise sosial identifikasjon med vågsøyværingane. Spesielt seier ho at det er i samtalar med eldre personar at denne palataliseringa kjem inn, og at ho ikkje vil bruke det same ”breie” språket med dei yngre. Ho seier at ”*når eg e ute me besta, som e to å nitti, då kan eg finne fram or som eg kanskje icçe bruka so mykje ellesj*”. Ho veit ikkje sjølv kvifor ho gjer dette, ettersom ho meiner at bestemora uansett vil forstå. Ifølge tilpassingsteorien kan dermed bakgrunnen her vere at ho ønsker å vise sosial identifikasjon med bestemora.

På den andre sida, når det kjem til bergensarane, så gir ho eit klart inntrykk av at ho divergerer. Ho aukar ikkje forskjellane ved å snakke like ”breitt” som ho gjer med dei eldre i Vågsøy, men ho divergerer ved å oppretthalde dei språkforskjellane som allereie er der. Med

tanke på at ho ser ein svært klar samanheng mellom språk og identitet, er det naturleg at ho ikkje vil konvergere. Ho seier at *”måten du snakka på seie veldig mykje om ken du e. Å de ekje bare dialekten din, men åg måt..asso måten du snakka på”*. I denne samanheng nemner ho også fordelene ho ser med å ha ei dialekt som ikkje så mange andre snakkar: *”sånn sett e de fordel å ha ei dialekt som ikkje so monge snakka..får då assosiera folk dialektn din me deg. Åå dee syns eg e fint”*. Synet ho har på si eiga dialekt, gjer det dermed svært lite sannsynleg at ho i nokon grad vil konvergere mot ein bergensar, eller eigentleg kven som helst, med vilje.

Eva er òg til ei viss grad opptatt av korleis andre ville ha sett på ho dersom ho hadde endra på språket sitt. Ho meiner at ho hadde fått høyre det både frå vennar og andre kjende dersom ho hadde gjort dette, og meiner at det aldri har vore eit alternativ for ho. Her viser ho at ho er svært konsekvent på språkbruken sin, og ho har ingen ønsker om å bruke språket sitt for å passe inn om ho kjem til eit nytt miljø. Ho synest heller ikkje det er greitt for andre å legge om på talemålet. Ho trur sjølv at ho kanskje er litt konservativ på den delen, men seier at *”de irritera meg for å være heilt ærli”*. Språkendring er med andre ord ikkje noko Eva er fan av, noko som òg fører til at ho er sterk motstandar av konvergering.

Erik

Erik er ikkje like opptatt av å halde på dialekta si. Han synest det er heilt greitt å legge om dersom ein gjer det for å bli forstått, og seier at han ikkje forstår seg på dei som er *”sta”* og ikkje legg om. Når han snakkar med bergensarar, og spesielt nemner han klassekameratar, så er det ofte han konvergerer. Med tanke på den haldninga han har til det å legge om på dialekta, er det naturleg at han vel å gjere dette. Men sjølv om han seier at han gjer det for å bli forstått, kan det òg tenkast at han gjer det for å nærme seg klassekameratane.

På ei anna side kan det vere mogleg at han modifierer for å distansere seg frå vågsøyværingane. Dette kan ein tenke seg ved at han seier at han endra delar av dialekta si etter at kameratane i klassa starta å etterlikne dialekta hans. Kanskje vart han flau over dialekta si, og valde å til ei viss grad konvergere slik at han ikkje lenger skulle bli forbinda med denne dialekta eller vågsøyværingane. Om han modifierer for å distansere seg frå si eiga sosiale gruppe, vågsøyværingane, kan likevel diskuteras. At han i stor grad nyttar seg av vågsøydialekta også når han er i Bergen, kan bety at han *ikkje* ønsker å distansere seg frå vågsøyværingane. Til dømes seier han at det tok to månadar før klassekameratane ikkje måtte be han gjenta seg sjølv heile tida. Dermed kan det sjå ut som han har prøvd å nytte si eiga dialekt i starten, men at han etter kvart har følt seg *”tvinga”* til å legge om for å bli forstått.

Vidare er det klart at Erik ikkje berre konvergerer når han snakkar med bergensarar, men at han òg konvergerer tilbake til opphavsdialekta i samtale med vågsøyværingar. Han seier at han ofte får kommentarar på dialekta si av vågsøyværingar når han er i Bergen, mens han aldri kan huske å ha fått kommentarar på dialekta når han har vore i Vågsøy. Han seier i alle fall at han får litt ”kjeft” av vågsøyværingane når han er i Bergen, fordi han knotar. Når han er tilbake i Vågsøy føler han at han automatisk snakkar ”normalt” igjen. Dette kan indikere at han ”legg frå seg” dei modifiserte formene når han reiser tilbake til heimstaden. Her ser vi at språket hans heng saman med geografisk plassering kanskje meir enn samtalepartnar, noko som tilseier at det er godt mogleg at Erik sitt språk kan ha blitt påverka av at han var i Bergen under intervjuet, som tidlegare nemnt (kap.4 og kap.5).

Erling

Ifølge Erling har ikkje identiteten hans noko å gjere med språket han brukar. Han forstår at språket kan vere viktig for andre, men forbinder ikkje sin eigen identitet med dialekta, og han seier at han ikkje ein gong var klar over at han knota før nokon fortalde det til han. Likevel seier han at han til ei viss grad forsøker å legge tilbake til vågsøydialekta igjen når han er i Vågsøy, men dette er mest på grunn av alle kommentarane han får på dialekta frå vågsøyværingane. Dette vil seie at han til ei viss grad konvergerer ”tilbake” til dialekta når han snakkar med ein vågsøyværing.

Ettersom Erling openbart i stor grad omgjev seg med austlendingar, er det dette talemålet han er påverka av og som eg vil omtale i denne samanhengen. Det er heilt klart at Erling konvergerer mot austnorsk i samtale med austlendingar, ettersom mykje av språkendingane framleis heng att i dialekta hans når han pratar med meg. At han konvergerer så mykje, kan truleg ha å gjere med at han ønsker å identifisere seg med austlendingane. Han seier at dei er meir ”hans type folk”. Etter at han flytta til Bergen, og vart kjend med mange austlendingar, har han følt seg mykje meir komfortabel. Han ”kritiserer” vågsøyværingane som flyttar til Bergen og forblir i det same sosiale miljøet, då han meiner at dei ikkje forandrar seg eller møter nye menneske på denne måten. Sjølv synest han at det var greitt å kome utanfor dette sosiale miljøet, og seier at han ikkje følte seg som ein del av vågsøyværingane. I tidlegare skulegang har han følt seg ”tvinga” til å henge saman med vågsøyværingane, noko som har gjort at han har søkt etter nye vennar etter at han flytta: ”*når den føyte sjansen bydde seg, så rømte eg, skulle eg til å si*”. Dette viser at den språklege omlegginga hans kan tolkast som ei divergering vekk frå Vågsøy. Han føler seg ikkje som ein

del av vågsøyværingane, og ønsker dermed kanskje å distansere seg frå vågsøyværingane ved å i stor grad legge bort vågsøydialekta når han er i byen.

Han har òg store planar om å flytte til Oslo etter enda utdanning, noko som også kan vere ein påverknadsfaktor. Når eg spør om han kunne tenke seg å flytte tilbake til Vågsøy, svarar han at *”di ær hygglic folk lissom, menne..ikkje den..de miljøe her e har lyst å våkse opp i.. eller, ikkje våkse opp i, men..bli gammal i, for å si de sånn”*. Han har heller ikkje ønske om å fortsette å bu i Bergen, men ser på det som ei moglegheit dersom han får jobb der. Helst vil han flytte til Oslo, då han har fått fleire vennar derifrå og fordi han meiner det er der han mest truleg vil få seg jobb i framtida. At han har endra språket sitt, kan dermed òg tenkast at kan ha noko med dette å gjere. Hårstad (2010) skriv i si doktoravhandling om ein gut i Trondheim, Jørgen, som mentalt er så knytt til Oslo at han permanent har slått om til oslomål mens han fortsatt bur i Trondheim. Hårstad (2010: 305) skriv at:

Som en del av den sterke koplingen til nettverket i Oslo har Jørgen gått over til ”å snakke oslo” i de aller fleste sammenhenger. Han gikk over til ”østlandsk” for et par år siden, da han for fullt tok opp kontakten med vennene i Oslo-området, og siden har han holdt seg til denne varietetten i Trondheim også.

Dette kan i stor grad samanliknast med Erling, som også har planar om å flytte til Oslo og som har vennar der, då han seier at vennane også skal flytte til Oslo igjen etter utdanninga. Altså kan det tenkast at Erling ”gjer seg klar” språkleg til å flytte til Oslo, før han eigentleg har flytta.

Ein annan likskap mellom informantane Jørgen hos Hårstad og Erling i min studie, er at dei begge har ein ikkje-norsk bakgrunn. Erling kjem, som sagt, opphavleg frå eit land i Midtausten, og flytta til Noreg då han var 7 år gammal. Dette kan moglegvis ha innverknad på språket hans. Kanskje har han ikkje det same forholdet til vågsøydialekta, ettersom han ikkje har nytta seg av dette talemålet i sine første leveår, og sidan foreldra hans heller ikkje fullt ut er brukarar av lokaldialekta i Vågsøy. I tillegg budde han omtrent eitt år i Østfold frå han var 10 år gammal, noko som òg kan ha gjort at han ikkje kjenner den same tilknyttinga til talemålet i Vågsøy som ein person som har budd der heile oppveksten. Ein skilnad mellom Jørgen og Erling, er at Erling har fleire vennar i Bergen som snakkar austlandsk, medan Jørgen ikkje har det i Trondheim. Dette gjer at Erling kanskje blir påverka på ein annan måte og meir direkte enn Jørgen, ettersom Erling brukar mykje tid saman med austlendingane i kvardagen. Likevel er det fullt mogleg at ein del av bakgrunnen for språkendinga hans skyldast ei ”klargjering” til flyttinga til Oslo.

Ein annan faktor som òg kan ha påverka Erling til å konvergere til austnorsk, er at han av og til har opplevd at det han har sagt på si opphavlege vestnorske dialekt, har blitt tolka som språkfeil, noko som sannsynlegvis kan ha samband med at han har ein "ikkje-norsk" utsjånad. Han omtalar dette som "*litt irriterene*", og han har gitt opp kampen for lengst: "*vågsøysk eçe så vikti få' meg, egentli. De e bare vikti får meg å bli fårstått. Å viss e skal unngå den diskusjo'n nestn kvær annan dag, så da bare sier jæ "hos meg" istedenfor "me meg", å da unngår vi de liksom*". Her kjem det klart fram at ei viss språk- og identitetskonflikt er ein faktor som har fått han til å konvergere.

Eit prinsipielt viktig tilleggsargument er at det austlandske talemålet har ein heilt spesiell status og prestisje i Norge, som nemnt tidlegare, noko som sjølvstøtt også kan ha påverka Erling til å legge om til denne dialekta. Eit bokmålsnært austlandsk blir ofte sett på som eit "standardtalemål", og er dermed det talemålet som har høgast status og prestisje. Dette kan òg ha påverka Erling til å legge om, ettersom vågsøydialekta har lågare prestisje enn oslomålet og nok blir sett på som eit "bygdemål". Konvergeringa hans kan dermed tenkast at kan ha noko å gjere med eit ønske om å oppnå lik status som dei austnorske kompisane i Bergen.

6.1.2 Den sosiale nettverksteorien

Eg har no sett på korleis tilpassingsteorien kan gjere greie for nokre av dei sosialpsykologiske mekanismane som er involverte i identitetsdanninga. For å få ei betre forståing for prosessane som går føre seg mellom individet og den sosiale gruppa, vil eg no trekke inn den sosiale nettverksteorien, som kan fungere som eit godt supplement i mitt forsøk på å forklare den språklege åtferda til utflyttarane.

Dette er ein teori som er hyppig brukt i sosiolingvistiske studium for å forklare språkleg variasjon og endring. Alle individ er ein del av eit sosialt nettverk som består av personar ein i ulik grad er avhengig av. Ein er òg gjerne "medlem" i fleire slike nettverk. Desse kan ha noko å seie for språkvanane til individet (Sandøy, 2011: 212). Nettverksteorien forsøker å gjere greie for kva sosiale krefter som er verksame når det enkelte individ blir integrert i ulike fellesskap. Korleis enkeltindividet går inn i eit dynamisk samspel med andre enkeltindivid, er difor viktig her. Heilt enkelt kan ein seie at eit sosialt nettverk er det nettet vi omgir oss med av uformelle sosiale kontaktar. Til dømes vil dei viktigaste grupperingane kunne vere familie, vennar og kollegaer (Mæhlum, 2011: 116). Før eg drøftar informantane i samband med den sosiale nettverksteorien, vil eg gi ei innsikt i dei to grunnleggande

eigenskapane med teorien. Den eine handlar om strukturen på nettverket, og den andre om funksjonane til nettverka.

Ofte er det to prinsipielt ulike nettverksstrukturar ein opererer med. Ulikskapen er avhengig av kor omfattande den felles kontakta er mellom personane som inngår i nettverket. Dette omtalast gjerne som tettleiken til nettverket. I eit fellesskap med maksimal tettleik er det sosiale forbindelseslinjer mellom alle medlemmane i nettverket, ein *tett* nettverksstruktur der ”alle kjenner alle”. I eit *ope* nettverk derimot, er det berre alle sin kjennskap til eg-et som knyt dei ulike personane saman. Tette versus opne nettverksstrukturar viser seg å også ha ulike funksjonelle eigenskapar, eller ulik ”kompleksitet”. Eit tett nettverk har ofte multiplekse relasjonar, noko som vil seie at personane opptrer i fleire roller ovanfor kvarandre. I eit typisk ope nettverk er relasjonane ofte uniplekse. Det vil seie at medlemmane *ikkje* opptrer i fleire roller ovanfor kvarandre (Mæhlum, 2011: 116-117). Kva nettverk ein oppheld seg i, kan vidare ha innverknad på språk. For å forenkla teorien kan ein seie at desto meir personar har med kvarandre å gjere, desto likare snakkar dei. Dette vil seie at dei som inngår i eit tett nettverk har betre rom for å ikkje bli påverka av meir prestisjefulle talemål.

Samfunnet Vågsøy har tradisjonelt vore eit tett og multiplekst samfunn der ”alle kjenner alle”. Eg vil framleis karakterisere Vågsøy som eit slikt samfunn, sjølv om kontakta med nabokommunane, og generelt omverda, er større i dag. Tidlegare var fiskerinæringa det viktigaste næringsgrunnlaget for kommunen. Det er òg stort i dag, men i mykje mindre grad. Dette har gjort at det er færre arbeidsplassar i fiskeriindustrien, og at fleire har søkt arbeid andre stadar. Dette er noko som kan ha auka nivelleringa blant vågsøyværingar. Det er altså ikkje like store forskjellar på dialektene i dei ulike bygdene i Vågsøy i dag som det var for eit par tiår sidan.

Ettersom eg ser på *unge* utflyttarar, er det òg relevant for meg å omtale nettverket her. Ettersom Vågsøy er ei såpass lita kommune, er det slik at alle ungdommane i kommunen samlast på éin felles ungdomsskule når ein er ferdig med 7.trinn på barneskulen. Dette gjer at det blir enkelt å få oversikt over dei jamgamle, noko som fører til eit samfunn der ”alle kjenner alle”. I tillegg har kommunen berre eitt sentrum, eitt legesenter, ein vidaregåande skule og så vidare, noko som fører til at alle har noko felles. Når ein byrjar på vidaregåande skule og deretter høgare studium, er det sjølv sagt slik at ein tek ulike retningar og ender opp på ulike stader. Likevel søker dei aller fleste seg til den vidaregåande skulen i Vågsøy, dersom dei har det studiet dei ønsker, og dei aller fleste som tek høgare utdanning, flyttar til Bergen. Det er naturleg nok altså ein tendens til at ein vel seg til det som ligg nærmast. Sjølv om ein

vel ulike retningar, vil ein likevel alltid ha denne kjennskapen til "alle" etter tida på ungdomsskulen, noko som gjer at ein har eit slags tett nettverk også etter at ein har flytta frå Vågsøy.

Utflyttarane frå Vågsøy til Bergen har dermed høgst sannsynleg eit tett nettverk i Vågsøy. Ettersom det er så mange som flyttar til Bergen for høgare studium, har dei dermed ei god moglegheit til å ta med seg dette nettverket vidare når dei kjem til Bergen. Ifølge den sosiale nettverksteorien vil språket til utflyttarane dermed vere mindre utsatt for språklege modifiseringar dersom dei fortsett å omgåast med vågsøyværingane i Bergen. Når eg spør Eva korleis ho trur det er for andre vågsøyværingar å flytte til Bergen, svarar ho at *"eg trur de e veldi bra, fordi at du kan behâlde så mykje av det sos..altså du kan behâlde mykje av de sosiale nettværke ditt. Der e veldi mykje vågsøyværinga i Bærgen"*. I tillegg seier ho, som ei oppsummering, at det absolutt er mogleg å leve eit liv i Bergen og nesten berre ha kontakt med folk frå Vågsøy, dersom ein går inn for det. Likevel er det sjølvsagt at nettverket deira vil endre seg uansett. Når ein flyttar frå ein stad til ein annan, og i dette tilfellet frå bygd til by, er det truleg at det vil skje ei omstrukturering av det individuelle nettverket. Det geografiske miljøet vil sjølvsagt endre seg, men det vil òg sannsynlegvis føre med seg ei endring i dei sosiale omgivnadane. Ifølge Røyneland (1994: 82) vil urbanisering i regelen føre til radikale endringar i primærgruppestrukturen, og ofte kan geografisk mobilitet og urbanisering føre til at veletablerte sosiale nettverk blir oppløyste. Dermed vart det interessant for meg å finne ut noko om dei tre informantane sine sosiale nettverk i Bergen.

Eva

Eva har mange vennar i Vågsøy, og ho har òg ei svært nær venninne som bur her. Ho har kontakt med vågsøyværingar kvar dag, og då spesielt med denne venninna. Kommunikasjonsmåtane er ulike, men ho snakkar jamleg med vågsøyværingar. I tillegg møter ho jamleg vennar frå Vågsøy som bur i Bergen, og ho er på besøk i Vågsøy omtrent 5-6 veker i året. Likevel har ho mest av alt kontakt med bergensarar, då ho bur saman med ein, i tillegg til at ho både jobbar og studerer saman med fleire. Til dagleg har ho dermed mest kontakt med bergensarar, og seier at ho omgåast mykje med bergens- eller bergensnært mål. At Eva sitt språk i lita grad har blitt påverka av dette sosiale nettverket, er ikkje i tråd med det ein kan forvente ut frå den sosiale nettverksteorien. Men på ei anna side ser ein at ho er mykje i kontakt med vågsøyværingane, sjølv om ho ikkje møter dei så ofte. Ho har dagleg kontakt med dei anten gjennom sosiale media eller på telefon, og dette vil dermed seie at

vågsøyværingane likevel utgjer ein betydeleg del av hennar sosiale nettverk. I tillegg fortel ho i intervjuet at det alltid har vore viktig for ho å halde på dialekta, og at *”eg e jo åg nynorskforkjempar på min hals”*, noko ho trur går litt hand i hand med tilknytninga til dialekta. Dermed kan det vere gunstig å tenke at den daglege kontakta med vågsøydialekta, i tillegg til den store viljen til å halde på dialekta si, gjer at ho har klart å unngå sterk påverknad frå bergensmålet eller andre meir prestisjefulle talemål.

Erik

Erik har òg mange vennar frå Vågsøy. Mange av desse har flytta til Bergen og er vennar han ofte omgåsast med når han er i Bergen. Han bur også saman med ein av dei, noko som medfører at han møter vågsøymålet kvar dag. I tillegg har han ein kjæraste som er frå og fortsatt bur i Vågsøy, noko som gjer at han prøvar å få til helgeturar til Vågsøy av og til. I snitt seier han at han er der ein gong i månaden, i tillegg til feriar. Bergensmålet har han òg jamleg kontakt med, blant anna gjennom jobben og studia, men på fritida er det vågsøyværingane han brukar mest tid saman med. Han synest ikkje det er veldig lett å bli kjend med bergensarar, og har ikkje bergensarar i sitt nærmaste sosiale nettverk.

Likevel er språket til Erik altså i middels grad påverka av talemålet i Bergen. Ifølgje han sjølv kan dette forklarast med at han til ei viss grad følte at han måtte legge om språket sitt då han flytta til Bergen. Her opplevde han å ikkje bli forstått på jobb, då han jobba saman med fleire utanlandske personar som ikkje var heilt stødige i norsk. I tillegg har han fleire gongar fått kommentarar på dialekta si av klassekamerater. Dermed har han nytta modifiserte former for å bli forstått, og etter kvart har det blitt meir vanleg for han; *”men de e bare sånn at de bare dette ut fra meg. Ette eg ha budd her i fire-fem år, so..plutseli blei de litt naturli”*. Språkendingane til Erik kan altså truleg ha mykje å gjere med tilpassing, noko eg nemnde under tilpassingsteorien. Men at han òg i middels grad har beholdt dialekta si, kan nok ha mykje med det sosiale nettverket å gjere. At han har eit nettverk der han har mykje kontakt med vågsøyværingar, kan truleg ha bidrege til at han har halde på dialekta i ei viss grad, ettersom det kan sjå ut til at han ikkje har noko problem med å endre språket sitt om det opplevst som nødvendig.

Erling

Erling på si side omgåsast svært lite med vågsøyværingar i kvardagen. Dette er eit val han har tatt sjølv, og det kan verke som han til ei viss grad ønsker å ta avstand frå Vågsøy. Han

kjenner seg ikkje heime i Vågsøy lenger. Sjølv om han ikkje har budd så veldig lenge i Bergen, er det han som i størst grad har lagt om på språket sitt av dei tre informantane. Men i motsetning til dei andre to, er Erling meir påverka av austlandsk enn av bergensk. Det at han svært sjeldan omgåast vågsøyværingar, og svært sjeldan reiser til Vågsøy, har truleg innverknad på dette. Han seier at han primært berre har kontakt med 2-3 vågsøyværingar som bur i Bergen. Vågsøyværingane som bur i Vågsøy, har han meir kontakt med, men då gjennom sosiale medium, og han møter dei hovudsakleg berre i feriane. Her er det òg relevant å tenke på at han i tillegg har kontakt med familien sin i Vågsøy, som berre delvis snakkar vågsøydialekt på grunn av sitt utanlandske opphav. Han har heller ikkje kontakt med mange bergensarar, men har i motsetnad mykje kontakt med austlendingar frå Oslo-området. Han har fleire austlendingar i klassa si som han omgåast med både i skuletida og fritida. Dermed er det ein tydeleg samanheng mellom Erling sitt språk og sosiale nettverk. Det kunne vore ein mogleg strategi om Erling hadde lagt om språket sitt til bergensmål, ettersom det er denne byen han har flytta til, men sidan han i størst grad omgåast med austlendingar, er det dette talemålet han er påverka av. Altså har den geografiske plasseringa svært lite å seie i Erling sitt tilfelle. Hos Erling spelar det sosiale nettverket klart inn på språket, noko som gjer at han i stor grad legg om til austlandsk.

I motsetning til Eva og Erik har ikkje Erling budd i Vågsøy i alle sine første leveår. Han har, som nemnt, utanlandsk opphav, og flytta ikkje til Noreg før han var 7 år. Då flytta han til Vågsøy i nokre år, og deretter til Østfold, og tilbake til Vågsøy igjen. Dette gjer at han har vore ein del av fleire ulike sosiale nettverk i løpet av oppveksten, noko som kanskje kan ha ført til at han ikkje kjenner ei fast tilknytning til eitt bestemt sosialt nettverk, og som då kan gjere at han heller ikkje fullt ut identifiserer seg som ein vågsøyværing og dermed med vågsøydialekta. Det kan òg nemnast at det at han ein gong budde på Austlandet, kan ha innverknad på tilknytninga han har til sitt sosiale nettverk i dag. Han seier blant anna at han i stor grad hadde preg av austlandsk i dialekta si då han flytta tilbake til Vågsøy, etter å ha budd ei periode i Østfold: *”de va’fånn ”jæ har ikke gjort noe som helst”..eeh..de va veldi bokmål”*. At Erling inngår i eitt tett nettverk med austlendingar, og er lite i kontakt med vågsøyværingar, vil då ifølge den sosiale nettverksteorien legge føringar for at han kan legge om språket sitt i retning austlandsk.

6.2 Samanfating og samanlikning

No har eg sett på tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien, og ved hjelp av desse

prøvd å finne moglege forklaringar på utflyttarane si språklege åtferd. Vidare vil eg prøve å samle trådane ved å kort samanfatte det eg har kome fram til angående språket til informantane og kva for individuell motivasjon som kan ligge bak den språklege åtferda. I denne samanfatninga vil det bli naturleg at eg delvis samanliknar informantane.

Eva

Eva har i lita grad lagt om på dialekta si. Ho brukar eit par modifiserte former, men dette er så lite at det ikkje er av stor betydning. Det som ser ut til å vere mest påfallande i Eva sine språkval, er at ho i stor grad er bevisst på språket sitt. Ho ser ein klar samanheng mellom språk og identitet, og meiner at det er feil å endre på dialekta. Når ho snakkar med bergensarar, og truleg med kven som helst, beheld ho dialekta. Ho er konsekvent i språkbruken sin, og er stolt av den dialekta ho har og plassen ho kjem frå. Det einaste tilfellet ho kan komme til å konvergere i, seier ho, er i samtalar med eldre personar frå Vågsøy, der ho kan prøve å bli endå meir lik dei ved å gjere dialekta si endå meir tradisjonell.

I forhold til det sosiale nettverket ho inngår i, ligg det mykje til rette for at ho kan bli påverka av talemålet i Bergen. Ho omgåast med bergensarar kvar dag, og inngår i tette nettverk med dei då ho mellom anna både bur med ein og jobbar med ein. Likevel står ho på sitt, og heldt på dialekta si. At ho er så bevisst på språkbruken sin kan, seier ho sjølv, ha å gjere med at ho er nynorskforkjempar. Dette ideologiske med at ho er så opptatt av nynorsken, kan tenkast å støtte ho i ideologien om å bevare dialekta. Ho har alltid vore opptatt av å behalde dialekta, og ser på denne som ein viktig del av personlegdomen. I tillegg har ho kontakt med vågsøyværingar kvar dag ved bruk av ulike kommunikasjonsmåtar, noko som truleg òg hjelper ho med å bevare dialekta.

Erik

Erik har i middels grad lagt om på dialekta si. Han brukar mange modifiserte former, men flest tradisjonelle. Han meiner at det er greitt å legge om på dialekta dersom det er for å bli forstått, og meiner at det er difor han først starta å modifisere språket sitt. Etter kvart, med åra, har det blitt ”naturleg”. I motsetning til Eva, har ikkje Erik eit sosialt nettverk som legg til rette for at han skulle kunne bli påverka av bergensmålet i særleg stor grad. Sjølv sagt vil han ofte høyre talemålet rundt seg, men han har ikkje bergensarar som ein del av sitt tette nettverk i byen. Han omgåast mykje med vennane frå Vågsøy som bur i Bergen, og han møter på vågsøyværingar kvar dag.

Til tross for dette ser vi altså at Erik delvis endrar på språket sitt, og at han konvergerer. Han konvergerer både i samtale med bergensarar og vågsøyværingar, då det kjem fram at han i stor grad legg bort dei modifiserte språktrekka når han er i Vågsøy. Vennane hans, som er frå Vågsøy og bur i Bergen, kommenterer ikkje dialekta hans når han er i Vågsøy. Dette viser at han konvergerer tilbake til vågsøydialekta når han er heime i Vågsøy. Når han er i Bergen, derimot, får han ofte kommentarar på dialekta si frå vågsøyværingane, noko som viser at han brukar fleire modifiserte former når han er der. Dette viser at Erik si språklege åtferd i stor grad er knytt til geografisk plassering heller enn til samtalepartnar. Dette vert òg styrka av at han framleis beheld nokre av trekka han har adoptert i Bergen, i samtale med meg, som snakkar vågsøydialekt, sjølv om han geografisk oppheld seg i Bergen under intervjuet.

Erling

Erling har i stor grad lagt om på dialekta si. Han brukar mange modifiserte former, der dei fleste er former frå austlandsk, og han brukar òg fleire modifiserte variantar enn tradisjonelle ved eitt av språktrekka. I likskap med Erik ser han ikkje på språket som ein del av identiteten. Det ser ut som at Erling konvergerer i samtale med austlendingar, og at han har eit ønske om å bli identifisert med austlendingar og deira talemål. Det kan òg tenkast at statusen og prestisjen til den austlandske dialekta kan ha innverknad, då dette talemålet ofte blir sett på som eit standardtalemål med høg prestisje og status. I samtale med vågsøyværingar, kan det tenkast at han divergerer. Dette er fordi at han i samtale med meg, som snakkar vågsøydialekt, beheldt mange av dei modifiserte formene. I tillegg vart intervjuet gjennomført i Vågsøy, noko som også kan tale for at han divergerer. Sjølv seier han at han forsøker å legge tilbake til vågsøydialekta når han er i Vågsøy, slik at han ikkje skal få så mykje kommentarar på dialekta si. Dette viser at han også truleg konvergerer i samtale med vågsøyværingane. Erling sin språkbruk kan òg knytast saman med at han har eit sterkt ønske om å flytte til Oslo etter enda utdanning. Ein kan tenke seg at han ”mentalt” har flytta, men samtidig kan det tolkast som at han legg om for å identifisere seg med austlendingane i klassa.

Han har også ein intonasjonsbruk som er ulik den ein finn i Vågsøy, og som umiskjenneleg høyrer til austlandsk. Ifølge den sosiale nettverksteorien er det ikkje så overraskande at han endrar på dialekta si, då han i stor grad omgåast med austlendingar i kvardagen. Dette står i motsetning til både Eva og Erik. Han omgåast lite med


vågsøyværingane. Erling har òg ein utanlandsk bakgrunn, som moglegvis kan ha innverknad på hans forhold til vågsøydialekta, og som vidare kan ha medverka til at han modifierer. Bakgrunnen hans gjer òg at han har ein ”ikkje-norsk” utsjånad, som i nokre tilfelle truleg har gjort at dialektbruken hans har blitt tolka som språkfeil.

Litteratur

- Altrichter, H., Posch, P. & Somekh, B. (1993). *Teachers Investigate their Work: An introduction to the methods of action research*. London: Routledge.
- Giles, H., & Smith, P. (1979). Accommodation Theory. Optimal Levels of Convergence. I H. Giles & R. St. Clair (red.), *Language and Social Psychology*. Oxford: Basil Blackwell.
- Hårstad, S. (2010). *Unge språkbrukere i gammel by: En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Trondheim*. Trondheim: NTNU-trykk.
- Iversen, V. (1995). *Språk og urbanisering: fire verdalingers møte med trondheims- og oslomål*. Hovudfagsoppgåve.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal norsk forlag.
- Le Page, R. B. & Tabouret-Keller, A. (1985). *Acts of identity*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Midtlien, M. (2016). "E har prøvd å lagt over te 'bokmål', mæn dæ krølle se bære på tunga": en sosiolingvistisk studie av talemålet til ungdom i Gausdal. Masteroppgåve.
- Milroy, J. & Milroy, L. (1985). *Authority in Language. Investigating Standard English*. New York: Routledge.
- Mæhlum, B. (1986). *Språklige variasjonsmønstre hos innflyttere i Oslo*. Oslo: Novus forlag.
- _____ (1992). *Dialektal sosialisering: en studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Oslo: Novus forlag.
- _____ (2009). "Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål". I *Norsk Lingvistisk Tidsskrift 1*, s. 7-26. Oslo: Novus forlag.
- _____ (2011). Språk og identitet. I Mæhlum, B. et. al., *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk*, s. 105-126. Oslo: Cappelen Damm.
- Mæhlum, B. & Røynealand, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet: innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm.
- Papazian, E. & Helleland, B. (2005). *Norsk talemål: lokal og sosial variasjon*. Høyskoleforlaget.
- Røynealand, U. (1994). *Når bygdemål møter bymål: Ein individsentrert eksempelstudie av fire sunnmøringer i Oslo*. Hovudfagsoppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Sandøy, H. (2011). Språkendring. I Mæhlum, B. et. al., *Språkmøte: Innføring i sosiolingvistikk*, s. 195-219. Oslo: Cappelen Damm.
- Statistisk sentralbyrå. (2017). *Kommunefakta*. Henta 06.05.2017, frå <https://www.ssb.no/kommunefakta/vagsoy>
- Tvinnereim, J. et. al. (2016). *Nordfjordboka: Kulturhistorisk vegvisar*. Førde: Selja Forlag.
- Vågsøy kommune. (2016). *Planstrategi for Vågsøy 2016-2019*. Henta 06.05.2017, frå <https://vagsoy.kommune.no/Handlers/fh.ashx?MIId=978&FilId=5005>

Vedlegg

1: Kart over Måløy si plassering i forhold til Bergen



2: Intervjuguide

Intervjuguide

Spørsmål om rural versus urban problematikk

- Hvor lenge har du bodd i Bergen?
- Har du samboer(e)? Hvilken dialekt snakker han/hun/de?
- Har du kjæreste/samboer/ektefelle? Hvor kommer han/hun fra?
- Har du kontakt med mange fra Vågsøy selv om du bor i Bergen?
 - Vågsøyfolk i Bergen
 - Vågsøyfolk i Vågsøy
- Er det viktig for deg å holde kontakt med vågsøyværingene?
- Er du ofte på besøk i Vågsøy? (Til familie? Ser du også venner?)
- Føler du deg fremdeles «hjemme» når du er i Vågsøy?
- Kunne du tenke deg å flytte tilbake til Vågsøy? Hvorfor/hvorfor ikke?
- Hvordan vil du karakterisere livet i Bergen og Vågsøy? Hva er forskjellene? Fordeler/ulempes?
- Hvordan var overgangen ved flytting fra Vågsøy til Bergen?
- Har du kontakt med mange i Bergen som snakker talemålet derfra?
- Har du flest venner i Bergen eller i Vågsøy?
- Føler du deg som et bymenneske eller et bygdemenneske?
- Hvordan tror du det er for andre vågsøyværingar å flytte til Bergen, som er nærmeste storby?
- Det er mange vågsøyværingar som flytter til Bergen. Hvorfor tror du det er slik?
 - Hvorfor flytter de ikke til andre storbyer? Hvorfor Bergen, tror du?
- Har du fått kommentarer av bergensere på din dialekt? Var det negative/positive kommentarer?
- Synes du det er lett å komme i kontakt med bergensere?
- På en vanlig hverdag, har du mest kontakt med bergensmålet, vågsøymålet eller andre?
- Tror du at du kommer til å bo i Bergen, eller kunne du tenke deg å flytte til et annet sted senere?
- Har du bodd i andre byer tidligere? (Dersom ja, spørre om forhold rundt dette i forhold til Bergen)

Spørsmål om språk og språkholdninger

- Etter at du flyttet til Bergen, føler du at det har skjedd noe med dialekten din? Har den endret seg? Hva mener du har skjedd?
- Har det vært viktig for deg å holde på dialekten din etter du flyttet til Bergen? (Eller har du ikke tenkt noe særlig over dette?)
- Tror du selv at du har lagt om dialekten din etter at du flyttet til Bergen? Hvorfor tror du at du har gjort dette/ikke gjort dette? Var det et bevisst/ubevisst valg?
- Finnes det sammenhenger hvor du ikke vil benytte deg av dialekten din? Hvor du vil legge om?
- Har du opplevd å ikke bli forstått når du har snakket vågsøydialekt i Bergen? Dersom ja, har du opplevd å legge om dialekten for å bli forstått?
- Tror du dialekten kan ha innvirkning på hvordan andre ser på deg som person?
- Har du noen gang opplevd at dialekten din er en ulempe?
- Tror du bergensere ser annerledes på deg om du snakker vågsøydialekt eller bergendialekt?
- Legger du til merke om det er noen ord eller uttrykk som du bare benytter deg av «hjemme» i Vågsøy?
- Har du fått kommentarer på dialekten din når du har vært hjemme i Vågsøy?
- Hva synes du om å legge om til en annen dialekt?
- Har du inntrykk av at mange hjemmefra legger om dialekten sin?
- Kjenner du noen som har lagt helt om dialekten sin? Hvorfor tror du de har gjort det?
- Tror du det er mulig å bo lenge i Bergen uten å la seg påvirke av dialekten? Eller legge om?
- Hva tror du det vil ha å si for personligheten din om du legger om dialekten din?
- Tror du holdninger til dialekter har endret seg de siste årene?
- Er det noen dialekter du synes er pene eller stygge?
- Hva synes du om talemålet i Bergen?
- Bruker du bokmål eller nynorsk når du skriver? Har du alltid brukt dette, eller har du skiftet etter at du flytta?
- Synes du det er viktig å holde på nynorsken, dersom du brukte dette når du bodde i Vågsøy?

3: Samtykkeskjema

Forespørsel om deltakelse i forskningsprosjektet

Bakgrunn og formål

I forbindelse med min masteroppgave ved NTNU skal jeg forske på hvordan dialekten til vågsøyværingene blir påvirket av å flytte til Bergen, den nærmeste storbyen. Jeg vil også prøve å finne ut noe om hvorfor dialekten blir/ikke blir påvirket av talemålet i Bergen.

Hva innebærer deltakelse i studien?

For informantene vil deltagelsen i studien innebære et intervju på om lag 30 minutter. Det vil bli gjort lydopptak, som senere blir transkribert. Det vil ikke hentes inn personopplysninger fra informantene som gjør det mulig å identifisere disse. All deltagelse er anonym. Eneste informasjon vil være tilknyttet at informant opprinnelig kommer fra Vågsøy. Annen informasjon som kommer frem under intervjuet vil ikke kunne knyttes til informanten. Spørsmålene vil i hovedsak omhandle språk og språkholdninger. Informanten vil også ta eget lydopptak av seg selv i samtale med en/flere bergensere i 10-20 minutter om valgfritt tema. Opptak sendes til Frida Brobakke, og vil senere bli transkribert.

Hva skjer med informasjonen om deg?

Alle personopplysninger vil bli behandlet konfidensielt. Det vil bare være de som arbeider med oppgaven som vil ha tilgang til intervjuet i sin helhet. Det vil si jeg, som skriver av oppgaven, og veileder under skrivingen. Anonymiserte sitater fra intervjuet kan bli brukt i oppgaven. Deltagerne vil ikke kunne gjenkjennes i publikasjonen. Lydopptak og eventuelt annen gjenkjennelig informasjon knyttet til informanten vil bli slettet etter prosjektets avslutning.

Prosjektet skal etter planen avsluttes i juni 2017.

Frivillig deltakelse

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke uten å oppgi noen grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysninger om deg bli anonymisert.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med Frida Brobakke på 90107624 eller min veileder Brit Kirsten Mæhlum på 73596409.

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, NSD - Norsk senter for forskningsdata AS.

Samtykke til deltakelse i studien

Jeg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Samandrag

Formålet med denne studien har vore å sjå på dialektbruk blant unge utflyttarar frå Vågsøy til Bergen, der både konkrete språklege realiseringar og individuell motivasjon bak den språklege åtferda har stått i fokus. Vågsøy er ei kommune i Sogn og Fjordane fylke, som ligg ytst i Nordfjorden. Den nærmaste storbyen til Vågsøy er Bergen, noko som fører til at mange vågsøyværingar flyttar til denne byen for å ta høgare utdanning eller jobbe etter vidaregåande utdanning.

Den empiriske materialet i avhandlinga dannast av kvalitative intervju med tre informantar. Desse informantane vart plukka ut på grunnlag av at dei i ulik grad hadde endra på dialekta si etter at dei flytta til Bergen. Intervjua vart nytta til å finne forklaringar på den språklege åtferda, i tillegg til at det vart brukt til å gjere ei analyse av språket deira. Analysen av språket var ei slags ”grovmaska” kvantitativ analyse. Eg plukka ut nokre karakteristiske trekk for vågsøydialekta, og analyserte kor mykje dei nytta seg av dei tradisjonelle varietetane og dei modifiserte varietetane.

Ved å analysere seks karakteristiske språktrekk for vågsøydialekta hos dei tre informantane, har eg funne ut kva for språktrekk utflyttarane beheld og kva for språktrekk dei modifiserer. Ein av informantane, Eva, har i lita grad modifisert språket sitt etter å ha flytta til Bergen. Ein annan informant, Erik, har i middels grad modifisert språket sitt, og ein siste informant, Erling, har i stor grad modifisert språket, og primært i retning austlandsk.

Eg har brukt tilpassingsteorien (også kalla akkomodasjonsteorien) og den sosiale nettverksteorien for å forsøke å gi ei forklaring på den individuelle motivasjonen bak den språklege åtferda til utflyttarane. Kort sagt modifiserer Eva i lita grad på grunn av sin sterke vilje til å halde på dialekta. Ho meiner det er ein klar og viktig samanheng mellom språk og identitet, og ho lar ikkje det sosiale nettverket hennar, som inneheld mange bergensarar, verke inn på dialekta. Erik modifiserer i middels grad. Han seier at han har lagt om på dialekta på grunn av fleire språkmøter i Bergen der han ikkje har blitt forstått eller der han har blitt etterlikna på grunn av dialekta si. Erling modifiserer i stor grad, og dette er på grunn av at han har eit ønske om å bli assosiert med austlendingar og talemålet på Austlandet. Han har eit sosialt nettverk som er dominert av austlendingar, noko som gjer at han primært modifiserer mot austlandsk.

Oppgåvas relevans for lektoryrket

Denne masteroppgåva er relevant for lektoryrket på fleire måtar. Først og fremst har arbeidet med denne oppgåva gjort at eg har fordjupa meg i eit sentralt tema i norskundervisninga.

Språk og dialekter kan knytast opp til fleire kompetanse- og læringsmål i skulen, og spesielt i den vidaregåande skulen. I læreplanen i norsk står følgande i kompetansemål etter Vg3 - studieførebuande utdanningsprogram og i kompetansemål etter påbygging til generell studiekompetanse - yrkesfaglege utdanningsprogram: ”*elevane skal kunne gjere greie for særtrekk ved eit utval av norske talemålsvariantar og reflektere over forhold som kan påverke utviklinga av talemål*”. Etter å ha skrive denne oppgåva kjenner eg meg trygg på å kunne undervise i samanheng med dette målet.

Dette trur eg òg at er eit tema mange unge er interessert i, har meiningar om og kunnskap om. Difor er dette eit fagleg tema som kan vere engasjerande for elevane, og som difor bør kunne brukast i fleire norskfaglege samanhengar enn berre i undervisning om språk og dialekter. Dermed meiner eg at eg har opparbeida meg kunnskap om eit tema som eg kan bruke som reiskap i undervisninga, då dette er noko eg vil kunne bruke i så mange ulike samanhengar. Elles er det slik at språkutviklinga i stor grad går saman med samfunnsutviklinga elles i landet, og difor kan denne kunnskapen brukast til å gi eit meir heilskapleg og tverrfagleg bilde av samfunnsutviklinga gjennom tidene.

I tillegg meiner eg at sjølve prosessen med masterskrivinga har gitt meg mange nyttige erfaringar som eg vil få bruk for i mitt arbeid som lektor. Eg har lært mykje om å systematisere informasjon og å arbeide sjølvstendig. Over ei lang periode har eg lest, skrive og revidert oppgåva mi, og eg har i denne samanheng fått erfaring med prosessen ein er gjennom når ein skriv lengre tekstar. Eg har òg lest andre oppgåver og reflektert over innhald, oppbygging med meir. Dette meiner eg har gjort at eg har ei god innsikt i korleis det er å gå gjennom ein skriveprosess, som er ein prosess ein ofte skal hjelpe elevane gjennom som lærar. Dette er dermed noko eg tek med meg som ei god erfaring etter å ha skrive denne oppgåva. Skrivning generelt er òg svært sentralt i skulen, då det er ei av dei fem grunnleggande ferdigheitene. Det eg har vore gjennom i arbeidet med denne oppgåva er altså noko eg absolutt vil kunne dra nytte av i mitt arbeid som kommande lektor.